

# **NYTT OM NAMN**

Meldingsblad for  
**Norsk namnelag**



Med innlegg frå samrådingsmøtet  
i stadnamntenesta og Kartverket  
Tromsø 29.–31. oktober 2012

Redaksjon:

Botolv Helleland (ansv.) ([botolv.helleland@iln.uio.no](mailto:botolv.helleland@iln.uio.no))  
Gudmund Harildstad ([gudmund.harildstad@iln.uio.no](mailto:gudmund.harildstad@iln.uio.no))  
Vidar Haslum ([vidar.haslum@uis.no](mailto:vidar.haslum@uis.no))

Redaksjonssekretær:

Klaus Johan Myrvoll ([k.j.myrvoll@iln.uio.no](mailto:k.j.myrvoll@iln.uio.no))

Utgjevar:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium / Namnegransking  
Universitetet i Oslo

Nr. 57 – 2013

Redaksjonen vart slutførd 21. juni 2013

*Adresser m.m.*

Nettstaden til Norsk namnelag er [www.norsknamnelag.no](http://www.norsknamnelag.no).

Norsk namnelag, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium,  
Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen. Bankgiro:  
6501.41.08704. Kontingenten er 200 kroner for året og inkluderer *Namn og Nemne* og *Nytt om namn*.

Tidsskriftet *Namn og Nemne*, Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske  
studium, Universitetet i Bergen, Postboks 7805, 5020 Bergen.  
Tlf. 55 58 24 06.

Meldingsbladet *Nytt om namn*, Institutt for lingvistiske og nordiske  
studium, Universitetet i Oslo, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo.  
Tlf. 22 85 43 78.

Artiklane i *Nytt om namn* kan etter ei bindingstid på to år leggjast ut på  
heimesida til Norsk namnelag. Eventuell reservasjon må meldast til  
redaksjonen.

## INNHOLD

### LEIAR

Frode Myrheim: Bygdebøker som forvaltar av god namneskikk? .....	5
<b>RAPPORT FRÅ KONFERANSE</b>	

Norsk namnegransking i krise? Rapport frå konferanse i Oslo 23. november 2012 – del 2 .....	6
Anne Svanevik: Situasjonen for Kartverket .....	6
Arvid Lillethun: Norsk stedsnavnregister. Fra Sentralt stedsnavnregister (SSR) til utvidet flerfunksjonsbase .....	11

### STADNAMNTENESTA

Line Lysaker Heinesen: Klagenemnda for stedsnavnsaker 2012 .....	13
<b>INNLEGG FRÅ SAMRÅDINGSMØTET 2012</b>	

Aud-Kirsti Pedersen: Fleirspråklegheit og stadnamn .....	14
Irene Andreassen: Kvenske stedsnavn i offentlig bruk.....	19
Asbjørg Skåden: Samiske stedsnavn i ETS-kommunene, Evenes, Tjeldsund og Skånland.....	24
Johnny Andersen: Navnsetting på kart – overgangen fra fornorskningstid til ny tid .....	27
Nina Skjellerud: Ajourføring av stedsnavn i N50–N5000 Kartdata. Kartredaktørens utfordringer med temalag stedsnavn .....	32
Kurt Magne Stormo: Flerspråklig skilting.....	38
Finn E. Isaksen: Parallelle navn på flere språk brukt som offisielle vegnavn – hvorfor/hvorfor ikke? .....	43
Botolv Helleland: Fleire skrivemåtar av same stadnamn .....	44

### NORMERING OG BRUK AV NAMN

Aud-Kirsti Pedersen: Seminar om offentleg bruk av samiske stadnamn i Sør-Troms og nordre Nordland .....	49
------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----

### FN-NYTT

<i>Hellas</i> på norsk, <i>Grekland</i> på svensk. Konferanse om eksonym i Hellas 23.–25. mai 2013 .....	54
-------------------------------------------------------------------------------------------------------------	----

### ANNA MELDINGSSTOFF

Botolv Helleland: Eyvind Fjeld Halvorsen 1922–2013 .....	55
Vidar Haslum: Per Mollatt 1930–2013 .....	56
Botolv Helleland: Omtykt namnegranskars rundar 70 .....	57
Botolv Helleland: Namnegransking på flyttefot .....	58
Anne Svanevik: Kartverket har frigitt stedsnavndata .....	59

### ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

Margit Harsson: Ti favorittnamn i Østfold .....	61
-------------------------------------------------	----

### BOKOMTALAR

Olav Veka: Namn og norrønt.....	64
---------------------------------	----

Botolv Helleland: <i>Namenkundliche Informationen</i> nr. 99/100 utgjeve ..	65
Olav Veka: <i>Names</i> .....	68

## LEIAR

### **BYGDEBØKER SOM FORVALTAR AV GOD NAMNESKIKK?**

Ja, det er god grunn til å spørja om nett det. Sidan dei fyrste moderne bygdebøkene såg ljoset for godt over hundre år sidan, er det rett mange hyllemerter i denne kategorien som har kome til her i landet. Det ligg i saka at det ikkje er råd å skrive bygdebøker utan å koma inn på stadnamn. Det viser seg då òg at forfattarane har handsama, og handsamar, stadnamn på ulike måtar. Nokre forfattarar er svært medvitne og nyttar skriftformer som byggjer på offisielle former slik dei er nytta hjå Kartverket, mens andre nyttar former som mest høyrer heime i dansketida. Nokre hermer det som stend i Oluf Ryghs *Norske Gaardnavne*, medan andre freistar å stille spørsmål ved Ryghs tolkingar. Bygdebøker vil difor òg vera forvaltarar av namneskikk anten han er god eller därleg. I mange heimar er det ikkje mange bøker, men mellom dei bøkene dei har, stend bygdboka ofte attmed Bibelen. Då er det ikkje berre ein fysisk nærleik mellom dei to, men òg ein åndeleg nærleik. Bibelen gjev ei rettesnor for korleis ein bør leva, medan bygdeboka gjev ei rettesnor for korleis ein skal skrive stadnamn. Bygdebøker har med andre ord mykje å seia for kva folk oppfattar som rett og galen skrivemåte av namn.

Om ein ser bort frå bygdeboknemnder, framfuse grunneigarar og andre styrande krefter, er det bygdebokforfattaren som til sjunde og sist avgjer kva for namneformer som skal stå i bygdeboka. Bygdebokforfattaren spelar difor ei svært viktig rolle i kva syn bygdefolk har på kva som er rett og gale. Altfor ofte må bygdebokforfattaren krype til krossen og godtaka ikkje fastsette skrivemåtar av stadnamn. Men det finst unnatak som mitt eige arbeid i Høland, der det var bygdebokforfattaren som synte kor skåpet skulle stå.

Bygdebøker bør sjølvsagt vera ein forvaltar av god namneskikk, og med det meiner eg at bygdebokforfattarar bør halde seg til dei fastsette skrivemåtane av stadnamn slik ein finn dei hjå Kartverket og i Sentralt stadnamnregister (SSR).

Trass i at me har ei normeringssøge som går heilt attende til 1838-matrikkelen av Gerhard Munthe, trur eg diverre ikkje det har vori nok utvikling til det betre. Det bør vera ein tankekross! I alle fall bør det her vera ei forskingsoppgåve for ein masterstudent. Alle veit at ein framleis ikkje skal leite lenge etter skriftformer med uturvande stumme h-ar, uturvande c-ar og w-ar i nyleg utkomne sogeverk.

Grunnen til denne stoda er at kunnskapen om namn og normering er veik hjå mange bygdebokforfattarar. Det er heller ikkje betre kringom i dei mange nemndene for bygdebøker og hjå grunneigarane. Dei fleste bygde-

bokforfattarane er ikkje filologar, men historikarar, og normeringsspørsmålet står ikkje på pensum i historie.

Kva skal me gjera for å endre stoda? Det er mi meining at kunnskap og ikkje minst formidling av kunnskap er det som må til i denne samanhengen. Stadnamngransking må inn på pensum i historie. I det heile må ein ruste opp stadnamnfaget og ikkje byggje det ned.

Frode Myrheim  
frodmyr@gmail.com

## RAPPORT FRÅ KONFERANSE

### **NORSK NAMNEGRANSKING I KRISE? Rapport frå konferanse i Oslo 23. november 2012 – del 2**

Dei fleste innlegga frå konferansen «Norsk namnegransking i krisen?» vart prenta i førre nummer av *Nytt om namn* (nr. 56 – 2012). Nedanfor prentar me to innlegg som ikkje kunne koma med då.

Red.

## SITUASJONEN FOR KARTVERKET

Kartverket har følgende oppgaver i stedsnavnsammenheng:

- vi innhenter informasjon om faktisk navnebruk,
- men bestemmer *ikke* hva steder heter
- vi bruker navn på kart og nettjenester
- vi veileder om navn og navnebruk
- vi fastsetter skrivemåten av naturnavn, nedarvete gårds- og bruksnavn og navn i statlig sammenheng dersom ikke annet er fastsatt i lov eller forskrift
- vi driftar Sentralt stedsnavnregister (SSR)
- vi formidler informasjon fra SSR.

Disse punktene utdypes nærmere i denne artikkelen. Jeg poengterer spesielt (i kursiv) hvordan vi i Kartverket er avhengige av en velfungerende stedsnavntjeneste/navnekonsulentjeneste for å få gjort navnearbeidet vårt. Stedsnavntjenesten er igjen avhengig av – og springer ut fra – et navnevitenskapelig miljø og tilgang til arkivmateriale på universitetene rundt i landet.

## **1 Vi innhenter informasjon om faktisk navnebruk**

Kartverket driver ikke lenger aktiv datafangst av stedsnavn til kartseriene ved feltarbeid i marka. Feltarbeidet ble avsluttet etter at førstegangskartleggingen av Norge 1:50 000 (M711) og Økonomisk kartverk var fullført på 1990-tallet. Nå har vi administrativ datafangst, dvs. vi supplerer og korrigerer navn og navneutvalg etter innmeldinger fra og kontroll med *stedsnavntjenesten*, kommuner, lag, foreninger, privatpersoner osv. Nye navn legges inn i Sentralt stedsnavnregister (SSR) og brukes på kart i samsvar med reglene i stedsnavnloven.

## **2 Vi bestemmer *ikke* hva steder heter**

I motsetning til hva mange tror, har Kartverket ingen myndighet til å bestemme hva steder heter. Stedsnavnloven og annet regelverk gir kommuner, fylkeskommuner og statlige organer hjemmel til å fastsette f.eks. adressenavn og navn på veger, bruer og tunneler (for Vegvesenets anlegg fastsetter Kartverket *skrivemåten*). Men det står ikke noe i regelverket om hvem som fastsetter naturnavn. Naturnavna har som kjent vokst fram naturlig, gjennom «all tids bruk». Etter spørsmål fra Kartverket har Kulturdepartementet nylig uttalt at kommunen har hjemmel til å navngi en naturlokalitet som ikke har navn fra før. Når det er spørsmål om hva som er rett navn på en lokalitet, sjekker Kartverket alltid med kommunen og *stedsnavntjenesten*. Skrivemåten reguleres gjennom reglene i stedsnavnloven.

## **3 Vi bruker navn på kart og i nettjenester**

Stedsnavn er en viktig del av informasjonen på Kartverkets produkter, dvs. papirkart og digitale kart og tjenester. Kartverket (tidligere Norges Geografiske Oppmåling – NGO) har systematisk brukt *navnekonsulenter* til sine kartprodukt helt siden Oluf Rygh var den første ordinære navnekonsulenten i 1879. Føresegnene om skrivemåten av stedsnavn fra 1933 og 1957 inneholdt regler om at NGO skulle fastsette skrivemåten av navn på kart i samarbeid med «dei tilsette målkunnige rådgjevarane (*namnekonsulente*)». Gjennom lov om stadnamn fra 18. mai 1990, med forskrift, departementets merknader og rundskriv, fikk vi svært detaljerte regler om fastsetting av skrivemåten for stedsnavn og om saksbehandlingen i navnesaker, deriblant bruk av *navnekonsulenter*.

Arvid Lillethun viser i den neste artikkelen hvordan digitale kart og nettjenester i dag blir stadig viktigere informasjonskilder.

## **4 Vi veileder om navn og navnebruk**

Informasjons- og veiledningsarbeidet utføres gjennom kurs, møter, nettsider (emnet Stedsnavn på [kartverket.no](http://kartverket.no)) og ikke minst gjennom muntlige og skriftlige svar på spørsmål. Kartverkets kundesenter, tlf. 08700, e-post [post@kartverket.no](mailto:post@kartverket.no), tar hånd om mange henvendelser. Mer kompliserte

spørsmål går videre til fagpersonene i stedsnavn, hovedsakelig de fem regionalt navneansvarlige, som har ansvar for navnearbeidet i hver sin region:

Oddmund Vestenfor har arbeidsplass på Kartverkets hovedkontor på Ringerike og dekker region øst: Østfold, Oslo, Akershus, Hedmark, Oppland og Buskerud.

Finn E. Isaksen har arbeidsplass på Kartverket Kristiansand og dekker region sør: Vestfold, Telemark, Aust-Agder og Vest-Agder.

Åmund Fykse har arbeidsplass i Leikanger (tilhører Kartverket Bergen) og dekker region vest: Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Nils Jørgen Gaasvik har arbeidsplass på Kartverket Trondheim og dekker region midt: Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag.

Aud-Kirsti Pedersen har arbeidsplass på Kartverket Tromsø og dekker region nord: Nordland, Troms og Finnmark.




Fig. 1. Oversikt over de regionalt navneansvarlige i Kartverket.

I tillegg har Kartverket et sentralt stedsnavnapparat på hovedkontoret på Ringerike. I 2012 brukte Kartverket ca. åtte årsverk på stedsnavn, ikke medregnet kartredaksjonsarbeid.

Rapporten fra arbeidsgruppa for evaluering av stedsnavnloven, avgitt i 2001, slår på s. 47 fast at Språkrådet (dvs. i realiteten *stedsnavntjenesten*) og Kartverket i fellesskap har ansvaret for å gjennomføre arbeid med informasjon, veiledning og oppfølging overfor kommuner og andre offentlige organer.

For tida pågår et offensivt adresseringsarbeid rundt i landet. Målet er et ensartet adressesystem med vegadresser i landet innen 2015. De fleste spørsmål og navnesaker kommer nå i tilknytning til dette adresseringsarbeidet. Både *stedsnavntjenesten* og Kartverket er sterkt involvert for å få disse sakene avgjort. Ofte inngår gårdsnavn, bruksnavn eller naturnavn i førsteløddet av et adressenavn. Noen ganger må det igangsettes navnesak etter loven. *Stedsnavntjenesten* er da rådgivere og Kartverket er vedtaksmyndighet.

## **5 Vi fastsetter skrivemåten av stedsnavn**

Etter stedsnavnloven § 5 fastsetter Kartverket skrivemåten av naturnavn, nedarvete gårds- og bruksnavn og navn i statlig sammenheng dersom ikke er annet er fastsatt i lov eller forskrift.

Stedsnavnloven § 6 sier: «Før vedtak om skrivemåte blir gjort, skal *namnekonsulentane* [min kursivering] gi tilråding om skrivemåten.»

Forskriften § 14 sier: «*Konsulentane* [min kursivering] skal gi råd og rettleiing til offentlege organ og andre som skal fastsetje skrivemåtar. Dei kan også gi råd i spørsmål om namnsetjing og elles svare på spørsmål om stadnamn og stadnamnbruk generelt.»

Dette betyr at *stedsnavntjenesten* må fungere for at Kartverket skal få gjort oppgavene med fastsetting av skrivemåte og veiledning til kommunene, for eksempel i adresseringsarbeidet.

## **6 Vi drifter Sentralt stedsnavnregister (SSR)**

Lov om stadnamn § 12 fastsetter at «Det skal førast eit sentralt stadnamnregister. Alle skriftnormer som er endeleg fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.» Forskriften § 15, femte ledd sier: «Statens kartverk er registerstyresmakt og skal syte for at opplysningane er allment tilgjengelege.» Arvid Lillethuns artikkel her etterpå har mer informasjon om innholdet i SSR.

## **7 Vi formidler informasjon fra SSR**

Dette gjøres i dag først og fremst gjennom nettløsningen norgeskart.no, spesialløsningen Se stedsnavn og gjennom gratis stedsnavndata til bruk for nettjenester, tabeller, lister eller til videre bearbeiding for bruk i forskjellige kartprodukter på land og sjø. Se informasjon på Kartverkets nettside. Arvid Lillethuns artikkel her etterpå gir også mer informasjon om dette.

Se stedsnavn gir mange muligheter for søk. Alle stedsnavn i SSR (nær én million navn) kan søkes opp. Navna vises på kart i ulike målestokker. En kan eksempelvis søke på språk (norsk, nordsamisk, lulesamisk, sør-samisk og kvensk) og vise utbredelsen av navn på de ulike språkene. Eller en kan søke opp navnevedtak de siste 1, 3, 6, 12 og 24 månedene.

Alle navn i SSR har en kode (skrivemåtestatus) som viser den lovmessige statusen for navnet/skrivemåten. Skrivemåter med status V (vedtatt) og S (samlevedtak) skal brukes i offisiell sammenheng, mens skrivemåter med status A (avslått), F (foreslått), H (historisk) og U (uvurdert) ikke skal brukes. For skrivemåter med status G (godkjent) og K (vedtak påklaget) kommer den anbefalte skrivemåten fram i det indekserte søker og står øverst på det tilhørende faktaarket, som gir detaljert informasjon om hvert enkelt navn.

**Stedsnavn og skrivemåte for stedsnavn**

Et stedsnavn angir navnet på en lokalitet. Stedsnavn skal skrives på bestemte måter. Lov om stadnamn beskriver prosessene for fastsettning av skrivemåte og bruk av stedsnavn. Statens kartverk driver Sentralt stedsnavnregister (SSR), som inneholder offisielle skrivemåter og saksbehandlingsinformasjon. Vedtatte skrivemåter skal brukes av det offentlige. Når et navn ikke er behandlet etter reglene i lov om stadnamn, kan navnet ha flere godkjente skrivemåter. I slike tilfeller er det angitt hvilken godkjent skrivemåte som bør benyttes.

[Les mer om stedsnavn](#)

Navn og skrivemåter	Språk	Status	Mer info
Filefjell	Norsk	Vedtak	<input checked="" type="checkbox"/>
Fillefjell	Norsk	Avslått	<input type="checkbox"/>

**Hva og hvor**

Kommune: Lærdal (1422)  
Navnetype: Fjellområde  
Navnetype - hovedgruppe: Terrenghformer  
Koordinater:  
Lat/Lon: 61° 08' 46" N 08° 04' 22" E  
UTM: Sone 32 0450085 N6779434

**Informasjon om skrivemåten**

**Filefjell**

Vedtaksmyndighet:	Statens kartverk
Status:	Vedtak
Statusdato:	15. februar 1996
Kilde til merknad:	
Navnesak dok.-nr.:	1995/15/221
Bruksverdi:	Hovednavn
Stedsobjekt-id:	139660
Navneenhets-id:	139265

Fig. 2. Eksempel på oppføring i Sentralt stedsnavnregister (SSR).

## Avslutning

Vi som jobber med stedsnavn i Kartverket, skulle – som de fleste andre – gjerne hatt flere folk og mer penger! Oppgavene er nærmest ubegrensete, blant annet med oppbygging av Norsk stedsnavnregister (se Arvid Lillethuns etterfølgende artikkel). Vi har hittil fått lov til å erstatte folk som har gått av med pensjon, og har så langt ikke hatt problemer med å rekruttere fagpersoner innenfor stedsnavnfaget. Et tankekors er imidlertid at tre av de fem fagpersonene Kartverket har rekruttert etter at stedsnavnloven trådte i kraft i 1991, kommer fra universitetsmiljøene. Slik sett bidrar vi kanskje til «krisen»? Eller skal vi heller se det positivt; vi bidrar til at fagpersoner får en jobb innenfor fagfeltet?

Anne Svanevik  
anne.svanevik@kartverket.no

## **NORSK STEDSNAVNREGISTER**

### **Fra Sentralt stedsnavnregister (SSR) til utvidet flerfunksjonsbase**

#### **Historikk**

Kartverket bygget fra ca. 1990 opp Sentralt stedsnavnregister (SSR). Dette er en base som er definert i lov om stadnamn og som inneholder informasjon om stedsnavn som har en dokumentert bruk i ulike kartserier eller annen offentlig bruk. Primært har kildene vært kartserier som Norge 1:50 000, kart i mindre målestokker, Økonomisk kartverk, sjøkart, turkart m.m. Basen har i dag nær én million stedsnavn.

Kartverket utvikler nå en moderne database som er gitt betegnelsen Norsk stedsnavnregister og som er en videreføring av SSR. Bakgrunnen er at en del av den tidligere basen teknisk sett er avleggs, og at ulike behov til innhold, saksbehandling og tilgang gjør at basen må endres.

#### **En flerfunksjonsbase**

Stedsnavndatabasen kan brukes av alle brukere i samfunnet. Dagens base har nylig blitt gjort gratis tilgjengelig for allmennhet, næringsliv og offentlig forvaltning. Det er ventet større bruk av basen av flere brukergrupper. Navnebasen vil primært dekke behov knyttet til forvaltning etter lov om stadnamn, men skal samtidig dekke behov hos språkmiljøer og dem som arbeider med lokalhistorie og bygdebøker. Andre store brukergrupper er ulike kartprodusenter som utvikler kartprodukter og krise- og utsynsetater med politi- og ambulansetjenester. De ulike brukergruppene har noe ulike krav og forventninger til hvilke opplysninger som skal ligge i basen. En skal kunne slå opp i, koble seg til eller laste ned data ut fra de ønsker en måtte ha.

#### **Navn fra hvilke områder**

Basen dekker norsk territorium. De aller fleste stedsnavnene er fra Fastlands-Norge og fra norske havområder, men også navn fra områder som ikke omfattes av lov om stadnamn, er tatt med. Grunnen til å gå utenfor lovens dekningsområde er behov hos ulike brukere.

#### **Innhold som kan legges inn i basen**

Basen skal inneholde informasjon om skrivemåte for stedsnavn, godkjenning, vedtak osv., videre hvilket geografisk objekt navnet står til som fjell, myr, vann, administrative enheter, kulturobjekter som gårder, bygdelag og annet. Andre forhold som skal dokumenteres i basen, er utvidet informasjon om kilden til navnet, betydningen og andre språklige forhold knyttet til navnet. Videre skal det kunne legges inn bilder fra lokaliteten og lydfil med uttale av navnet, samt alternative kategoriseringer av hvilke objekttyper navnet står til. Selv om det settes av plass til utvidet dokumentasjon i

basen, vil tilgjengelige ressurser i navnearbeidet avgjøre hvor mye informasjon som i realiteten blir fylt inn i basen.

Det legges også opp til å kunne dokumentere utstrekningen til det området som et stedsnavn refererer til. En del navn, for eksempel innsjøer, øyer og kommuner, kan enkelt avgrenses, mens navn som hører til fjellområder eller landskaper som Lofoten, Hardangervidda, vil ha mindre spesifikke grenser, og slike vil det være ressurskrevende å avgrense. Arbeid med avgrensning vil derfor i første omgang fokusere på prioriterte objekter med klar avgrensning.

### **Lokale stedsnavn**

Det legges opp til at basen i større grad skal kunne inneholde lokale stedsnavn. Noen kommuner har lagt inn navn i basen allerede. Det finnes store samlinger av stedsnavn i flere fylker og også i enkeltkommuner. Kartverket samarbeider bl.a. med Nordland fylkeskommune om å samordne en lokal navnesamling med Norsk stedsnavnregister. En justert og oppdatert navnedatabase med utvidete funksjoner blir ferdig i 2014 og vil gjøre det enklere å få lagt inn slike lokale navn.

### **Se stedsnavn**

Se stedsnavn er en innsynsløsning som fokuserer på faginformasjon til nytte i stedsnavnarbeid, men som også gir andre interesserte mulighet for å se flere detaljer om stedsnavnet.

Se stedsnavn gir oversikter for større regioner og detaljer når en zoomer ned til en grend eller et mindre område. En kan få kartvisning av navn med vedtatt, godkjent eller avslått skrivemåte i et område, markert med ulike farger på navnet. En kan velge å vise alle navn som er knyttet til en navnetype, f.eks. vann, og en kan skru på ulike lag som gir f.eks. nordsamiske navn, kvenske navn, lulesamiske navn og sørsamiske navn, igjen vist med ulike farger. Det finnes flere ulike vinklinger på stoffet – en kan slå opp vedtak siste måned eller åpne et faktaark som viser all informasjon om ett enkelt stedsnavn.

### **Online karttjenester og søk**

Etater og andre som lager webløsninger eller vil bruke stedsdata, kan få tilgang på ulike måter. Kartverket bruker begrepet online tjenester dersom data sendes direkte fra Kartverkets datanettverk via internett til f.eks. en kommunal kartløsning. Alle de visninger som ligger i Se stedsnavn, er også tilgjengelige slik at kommuner, fylker og andre kan få navn inn i sine saksverktøy eller kartløsninger. Teknisk kalles tjenesten wms (*web map service*).

Det tilbys også stedsnavnsøk som kan kobles inn på andre nettsteder. Her kan en søke på et navn, få opplysninger om navnet eller, dersom en aktiviserer et kart, hoppe rett til lokaliteten (koordinaten) som navnet står

til. Det er nylig etablert et autoutfyllingssøk, dvs. at tjenesten foreslår alternative navn etter som en skriver inn de første bokstavene i et navn. Dette er viktige tjenestegrensesnitt som svært mange utnytter, bl.a. kommune, politi og redningstjeneste. I årene som kommer, vil Kartverket bygge ut slike tjenestetilbud knyttet til stedsnavn.

Arvid Lillethun  
arvid.lillethun@kartverket.no

## STADNAMNTENESTA

### **KLAGENEMNDA FOR STEDSNAVNSAKER 2012**

Klagenemnda for stedsnavnsaker hadde bare ett møte i 2012, og det ble avholdt i Gaustadalleen 25 den 9. november. Syv saker ble behandlet på møtet (klagesak 2/2012 ble utsatt).

<b>Sak nr.</b>	<b>Påklaget navneform, kommune, fylke</b>	<b>Navnetype</b>	<b>Klagers ønske</b>	<b>Vedtak i Klagenemnda</b>
1	Avslag på gjenopptaking av navnesak Manndal/Mandal, Bjugn, Sør-Trøndelag	Bruksnavn	Saken gjenopptas (ønske om <i>Mandal</i> ).	Det er ikke grunnlag for gjenopptaking av saken.
2	Mebost, Selbu, Sør-Trøndelag	Gårdsnavn	Mebust	Saken utsettes.
3	Vaddrettet, Skien, Telemark	Industriområde	Vadrette	Nemnda anbefaler Kartverket å vurdere navnet på nytt.
4	Borgotunnelen, Osterøy, Hordaland	Tunnel	Borgatunnelen	Borgatunnelen
5	Høleliå, Sandnes, Rogaland	Veinavn	Hølelia	Hølelia
6	Navneleddet Vistvåg-, Vefsn, Nordland	Gårdsnavn (ett navn) og naturnavn (to navn)	Vestvåg-	Vistvåg-
7	Gamle Finnsandvei, Ringerike, Buskerud	Veinavn	Gamle Finsandvei	Det må reises formell navnesak på gårdsnavnet Finnsand/Finsand før det tas i bruk som del av et veinavn.

8	Avslag på gjenopptaking av navnesak Haraholmen/Hareholmen, Asker, Akershus	Naturnavn (?)	Saken gjenopptas (ønske om <i>Hareholmen</i> ).	Saken gjenopptas på bakgrunn av innsendte dokumenter, og det må gjøres rede for hvilken navnetype dette er.
---	----------------------------------------------------------------------------------	---------------	-------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------

Line Lysaker Heinesen  
[l.l.heinesen@iln.uio.no](mailto:l.l.heinesen@iln.uio.no)

## INNLEGG FRÅ SAMRÅDINGSMØTET 2012

### FLEIRSPRÅKLEGHEIT OG STADNAMN

Temaet for samrådingsmøtet 2012 var «Fleirspråklegheit og stadnamn», og det var derfor naudsynt å presisere innhaldet i omgrepene *fleirspråklegheit*. Sidan ordet *språk* inngår i termen, bør ein først avklåre kva eit språk er. Korleis kan ein drage grenser mellom språk? Korleis kan eit språk avgrensa frå ein dialekt? Storleikane er vanskelege å avgrense frå kvarandre på språkleg grunnlag, og det er derfor vanleg å ta omsyn til både språkinterne og språkeksterne forhold når ein definerer desse storleikane, sjå Hyltenstam og Milani (2003), som gjev ei grundig drøfting av denne problematikken.

Det er vanleg å gjere greie for termen *fleirspråklegheit* ut frå tre ulike nivå: *individnivå*, *samfunnsnivå* og *språknivå* (Skutnabb-Kangas 1981). Om eit individ kan veksle mellom å bruke to eller fleire språk, er det to- eller *fleirspråkleg* (Weinreich 1953, s. 1). *Fleirspråklegheit* på individnivå handlar om å kunne to eller fleire språk, men å kunne eit språk inneber sjølvsgåt gradsfordelar. *Fleirspråklegheit* på samfunnsnivå gjeld forholdet mellom grupper i samfunnet og dei konvensjonane dei har for språkleg samhandling. Om det finst faste konvensjonar for val av språk i ulike samfunnsdomene slik at språkbruken er føreseileg, er det vanleg å karakterisere bruksmønstret med termen *diglossi*. Val av språkleg kode i eit diglossisamfunn skjer ut frå forventningar i det sosiale miljøet. Språkbruken i eit samfunn kan også vere regulert av lover og føresegner, og det gjeld særleg bruken av skriftspråk, jf. t.d. mållova, lov om Sametinget, lov om stadnamn o.a. Bruken av språk på samfunnsnivå verkar sjølvsgåt inn på språkbruken på individnivå, og maktforholda i samfunnet skaper dei ytre rammene (Børestam og Huss 2001, s. 111). Bruksmønstret til språka i diglossisamfunn er ofte asymmetrisk ved at eitt språk har høg prestisje og dominerer i offentlege domene, både i munnleg og skriftleg bruk av språket, mens det andre språket ofte har låg prestisje og er mest nytta i private domene og ofte berre i munnleg språkbruk. Bruksmønstret kan også gjelde

stadnamna i samfunnet. Stadnamna i språket som har høgast prestisje, blir nytta både i munnlege og skriftlege samanhengar, mens stadnamna i det språket med låg prestisje blir kanskje berre nytta i munnlege samanhengar.

Fleirspråklegheit på språknivå handlar om korleis eit fleirspråkleg individ nyttar to eller fleire språk – og stikkord her er kodeveksling og språklege lån. Utforskinga av korleis tospråklegheit pregar det språklege systemet til eit individ, skjer innafor den retninga som vi kallar språkkontaktforsking og adresspråkforskning. Språkkontakt har vi når to eller fleire språk blir brukte vekselvis av den same personen (Weinreich 1953, s. 1). Men også når menneska i eit samfunn bruker meir enn eitt språk i samhandling med kvarandre, oppstår språkkontakt.

I den språklege samhandlinga inngår også bruk av stadnamn på dei språka som individet rår over. Lån eller utveksling av stadnamn mellom ulike språkgrupper i eit samfunn vil vere prega av om det er ein symmetrisk eller asymmetrisk språksituasjon mellom gruppene. I eit symmetrisk samfunn, dvs. at det finst ein balanse i maktforholda mellom språkgruppene, vil teoretisk sett begge partar låne stadnamn frå kvarandre, men om språksituasjonen er asymmetrisk, vil gruppa med høgast prestisje oftere vere långjevarar.

I samfunn som gjennomgår språkskifte frå språk A til språk B, kan språkskifteprosessen gjennom generasjonane illustrerast med ein modell (etter Haugen 1953), der ein bokstav representerer kunnskapen som eit individ har i eit språk, og «storleiken» til bokstaven symboliserer kor godt individet meistrar eit språk: **A – Ab – AB – aB – B**. Ein kan spørje seg: Kva skjer med stadnamna i ein slik prosess? Nicolaisen (1996, s. 549) nemner fleire døme på at namn kan vere funksjonelle gjennom både tre og fire språkskifte. Sidan ein språkskifteprosess skjer innafor éi gruppe av språkbrukarar, kan termen *lån* verke uhøveleg sidan gruppa som byter språk, held fast på bruken av eit stadnamn trass i at gruppa byter språk. Stadnamnet har vore der heile tida, og uttalen kan sjølv sagt bli endra i samsvar med lydsystemet i det nye språket. I staden for termen *lån* kan ein term *tradering* ‘overlevering eller formidling av tradisjon’ (jf. *Nynorskordboka*) verke heldigare. Eit *lån* blir til vanleg rekna for å vere eit språkleg element henta frå eitt språk til eit anna språk. Når ein låner, blir språket som tek inn eit nytt element, litt endra, men det finst framleis som eit eige språk. Ved *tradering* blir eit språk gjeve opp, men element frå det tidlegare språket blir tekne med inn i det nye språket. Tradisjonelt har *tradering* av språklege element vore omtala som substrat, men termen substrat blir også nytta når ein meiner at noko i språket kan ha bakgrunn i eit tidlegare, men ukjent språk. Det språklege opphavet til eit tradert stadnamn er til vanleg klart.

I 1984 og 1985 samla eg inn norske stadnamn i det som då var to fleirspråklege samfunn i Nord-Troms, Skibotn og Kvænangbotn. Mange eldre i bygda Skibotn i Storfjord kommune var tospråklege og snakka norsk og kvensk, nokre få eldre personar var trespråklege og snakka både samisk,

kvensk og norsk. Dei som var fødde i 1940-åra og seinare, kunne oftast berre norsk. Den indre delen av fjorden Kvænangen i kommunen med same namn hadde ein folkesetnad der mange var tospråklege i kvensk og norsk. Eit par trespråklege individ fanst også i innsamlingsområdet. Sesongvis fanst også nokre tospråklege personar (samisk og norsk) innafor reindriftsnæringa i området. Akkurat som på Skibotn var generasjonen fødd under og etter andre verdskrigen norsktalande. Av 1535 dokumenterte stadnamn som var i bruk når folk snakka norsk med kvarandre, hadde 830 namn, ca. 54 prosent bakgrunn i samisk og/eller kvensk (sjå Pedersen 1988). Jamfører ein dette materialet med det som eg skreiv ned i bygda Kaldfjorden i Tromsø kommune i 1989–91, er skilnaden stor. Av drygt 800 synkront sett norske stadnamn var det berre 20 namn som på språkleg grunnlag kunne identifiserast som namn med mogleg samisk opphav, altså berre 2,5 prosent av materialet. På innsamlingstidspunktet var det ingen i Kaldfjorden som kunne snakke samisk. Dei siste som kunne noko samisk, gjekk bort på 1960-talet (sjå Pedersen 1996 og 2010). På grunnlag av stadnamnmaterialet som Just Qvigstad skreiv ned i 1886–87 då Kaldfjord-samfunnet framleis var tospråkleg (sjå Qvigstad 1925 og 1935), lét det seg gjere å jamføre mitt materiale frå 1989–90 med Qvigstads materiale nedskrive om lag hundre år før. Denne jamføringa viste at mange av dei samiske stadnamna var gått tapt. 38 namnepar hadde lik eller liknande tyding i dei to språka, og i prinsippet kan desse namna vere traderte til norsk i form av omsetjingar, men på språkleg grunnlag kan ikkje opphavet til denne typen namn avgjerast (sjå Pedersen 1996 og 2010 for fleire detaljar).

Korfor finn ein slike markante skilnader i to norske stadnamnmateriale der språkskifte enten var gjennomført eller var i den siste fasen av ein språkskifteprosess? Enkle svar kan ikkje gjevast, for mange ulike forhold gjer seg gjeldande. Ein viktig faktor er sjølv sagt språksituasjonen ved innsamlingstidspunktet. Då eg samla inn namna i Nord-Troms-bygdene, fanst det framleis fleirspråklege personar, og nokre av desse nytta eg som informantar. Om lag halvparten av informantane var einspråklege, dvs. at dei var ikkje i stand til å snakke anna enn norsk (eventuell dugleik i t.d. engelsk har eg sett bort frå). Innsamlinga mi var altså i siste fasen i ein språkskifteprosess, og det same kan ein seie om språksituasjonen då Qvigstad gjorde sitt feltarbeid i Kaldfjorden. Qvigstads og mitt materiale er altså svært ulike. I denne samanhengen er det ikkje rom for å gå nærmare inn på moglege årsaker til ulikskapane i materialet. Ei drøfting finn ein i Pedersen 1996 og 2010 og i det enno upubliserte arbeidet «The transmission of toponyms in language shift societies» (Fetzer, Ainiala og Östman (red.), under utgjeving). Både språklege og utanomspråklege forhold gjer seg gjeldande, og det er viktig å merke seg at språkforskarar har komme til at det er dei utanomspråklege (sosiale) faktorane som er viktigast for å forstå endringar som gjer seg gjeldande ved språkendring, jf. Thomason og Kaufman 1988,

s. 35: «Purely linguistic considerations are relevant but strictly secondary overall [...] because linguistic interference is conditioned in the first instance by social factors, not linguistic ones». Vidare hevdar dei at «[b]oth the direction of interference and the extent of interference are socially determined». Det er viktig å hugse at endringar i språkbruken ikkje er identisk med endringar i eit stadnamnsystem, for i motsetnad til vanleg språkbruk refererer namn til objekt som er individuelle storleikar i motsetnad til kollektive førestellingar som ligg til grunn for omgrep og ord i språkbruken elles. Ein må derfor ta omsyn til dei forholda som gjer seg spesifikt gjeldande i eit stadnamnsystem, men også her vil nok dei språk-eksterne faktorane vere viktigast for å forstå dei ulike mönstra som avleirar seg i stadnamnmateriale som har oppstått ved språkskifte.

Forsking på stadnamn i språkkontaktsituasjonar kan klassifiserast etter den typen språkkontakt som rår i eit samfunn. Kort oppsummert kan ein setje opp fleire typar situasjonar ut frå forholdet mellom kontaktspråka:

- 1) **Synkron språkkontakt – språkkontakt mellom levande språk.**  
Det primære materialet er stadnamn som er brukte i munnleg språkbruk i kontaktspråka – skriftspråklege belegg er tilleggsopplysningar til det munnlege materialet (jf. Pedersen 1988).
- 2) **Både historisk og synkron namnekontakt finst.** Dei tidlegare kontaktspråka som namna er ein del av, er utdøydde i det området som ein analyserer namn frå, men i andre område finst typologisk nærmestående levande språk som kan brukast som hjelp til å analysere stadnamnmaterialet i område med tidlegare språkkontakt. Sjå Sonderegger 1996 og Waser 2003.
- 3) **Historisk språkkontakt.** Dei tidlegare kontaktspråka er utdøydde, men skriftspråklege belegg av dei utdøydde kontaktspråka finst. Sjå t.d. Hengst 1995 og 1996.
- 4) **Paleolinguistisk substratforsking.** Her har vi historisk språkkontakt, men det/dei tidlegare kontaktspråket/-a er utdøydde, og ein har ikkje skriftspråklege belegg frå det/dei utdøydde kontaktspråket/-a. Denne forskingsidisiplinen kan ha to innretningar, i det eine tilfellet har ein å gjere med eit utdøydd språk, men språket som type er likevel kjent. I det andre tilfellet er språket som type ukjent. Om paleolinguistisk substratforsking kan ein lese om i t.d. Aikio 2004.

## Litteratur

- Aikio, Ante. 2004. An essay on substrate studies and the origin of Saami. I *Etymologie, Entlehnungen und Entwicklungen. Festschrift für Jorma Koivulehto zum 70. Geburtstag*. Red. Irma Hyvärinen, Petri Kallio og Jarmo Korhonen. Helsinki, s. 5–34.
- Börestam, Ulla og Leena Huss. 2001. *Språkliga möten. Tvåspråkighet och kontaktlingvistik*. Lund.

- Eichler, Ernst o.fl. (red.). 1995–96. *Namenforschung / Name Studies / Les noms propres. Ein internationals Handbuch zur Onomastik / An International Handbook of Onomastics / Manuel international d'onomastique*. Bd. 1–2. Berlin – New York.
- Fetzer, Anita, Terhi Ainiala og Jan Ola Östman (under utgjeving). *Names in everyday usage*. (Pragmatics & Beyond New Series). John Benjamins Publishing Company.
- Haugen, Einar. 1953. *The Norwegian Language in America. A Study in Bilingual Behavior*. 2. utg. Philadelphia – Oslo.
- Hengst, Karlheinz. 1995. Methoden und Probleme der sprachgeschichtlich-etymologischen Namenforschung. I Eichler (red.) 1995–96, bd. 1, 318–323.
- . 1996. Namen in Sprachaustausch. Slavisch. I Eichler (red.) 1995–96, bd. 2, 1007–1011.
- Hyltenstam, Kenneth og Tommaso Milani. 2003. *Kvenskans status. Rapport for Kommunal- og regionaldepartementet og Kultur- og kirkedepartementet i Norge*. Centrum för tvåspråkighetsforskning. Stockholms universitet. [www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/rapporter\\_planer/rapporter/2003/kvenskans-status.html?id=105828](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kud/dok/rapporter_planer/rapporter/2003/kvenskans-status.html?id=105828).
- Nicolaisen, William F. H. 1996. Language contact and onomastics. I: *Kontaktinguistik / Contact Linguistics / Linguistique de contact. Ein internationales Handbuch zeitgenössischer Forschung / An International Handbook of Contemporary Research / Manuel international des recherches contemporaines*. Red. Hans Goebel o.fl. Berlin – New York. Bd. 1, 549–554.
- Nynorskordboka*, [www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk\\_=&ordbok=nynorsk](http://www.nob-ordbok.uio.no/perl/ordbok.cgi?OPP=&nynorsk_=&ordbok=nynorsk).
- Pedersen, Aud-Kirsti. 1988. *Stadnamnlånan. Fonologi og ortografi i lydlig lånte stadnamn med eit oversyn over fonologien i norsk på Skibotn og i Kvenangsbotn*. Hovedfagsoppgave i nordisk språk. Institutt for språk og litteratur, Universitetet i Tromsø. (Finst tilgjengeleg på internett: <http://munin.uit.no/handle/10037/2097>.)
- . 1996. Kronologi i namneparmateriale i lys av samiske og norske stadnamn i Kaldfjorden på Kvaløya. I *Den ellevte nordiske navneforskarkongressen. Sundvollen 19.–23. juni 1994*. Red. Kristoffer Kruken (NORNA-rapporter 60.) Uppsala, s. 235–270.
- . 2010. Stadnamn og identitet ved språkskifte. I *Namn – en spegel av samhället förr och nu*. Red. Staffan Nyström. Norstedts, s. 73–93.
- Qvigstad, J. 1925. *Die lappischen Dialekte in Norwegen. Lappische Texte aus Kalfjord und Helgøy. Reste eines ausgestorbenen Seelappendialektes*. (Oslo etnografiske museums skrifter, bd. 1, hefte 1.) Oslo.
- . 1935. *De lappiske stedsnavn i Troms fylke*. (Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter XXVIII.) Oslo.

- Skutnabb-Kangas, Tove. 1981. *Tvåspråkighet*. Lund.
- Sonderegger, Stefan. 1996. Namenforschung in der Schweiz. In Eichler (red.) 1995–96, bd. 1, 124–140.
- Thomason, S. G. og T. S. Kaufman. 1988. *Language Contact, Creolization, and Genetic Linguistics*. Berkeley.
- Waser, Erika. 2003. Die Alp Iglen, ein romanischer Grenzstein in den nördlichen Voralpen. In *Namen in Grenzregionen. Tagungsband des internationalen onomastischen Symposiums in Klingenthal, Elsass (7.–11.5.2011)*. Red. Petger Anreiter og Guntram A. Plang. (Österreichische Namenforschung. Beiheft 3.) Wien, s. 231–247.
- Weinreich, Uriel. 1953. *Languages in Contact. Findings and Problems*. The Hague – Paris.

Aud-Kirsti Pedersen  
[aud.kirsti.pedersen@kartverket.no](mailto:aud.kirsti.pedersen@kartverket.no)

## KVENSKE STEDSNAVN I OFFENTLIG BRUK

### Kvensk bosettingshistorie

De svært gamle sesongvandringene mellom kyst og innland og de store markedene på Nordkalotten var ei viktig forutsetning for seinere kvensk bosetting i Nord-Norge. Ifølge de eldste skattelistene fra 1500-tallet hadde noen kvener slått seg ned i fiskeværa, men en omfattende kvensk bosetting er det ikke før begynnelsen av 1700-tallet. Folk flytta hovedsakelig fra dagens Nord-Finland og fra finskspråklige områder i Nord-Sverige. I de første fasene kom man hovedsakelig på grunn av mangel på dyrkjingsjord på hjemplassene. På norsk side av grensa, i Lyngen, Reisadalen, Alta, Porsanger og Tanadalen, fortsatte livet for innlandsbøndene nesten som før med jordbruk i småskala, ressursutnytting i utmark og elvefiske og tjærebrening og med fjordfiske som nytt livselement. Andre steder i Nord-Norge, f.eks. i Varanger, var det heller karrige vilkår for jordbruk. Avhengigheten av fjord- og bankfiske var derfor større. Folk som flytta utover på 1800-tallet, var i hovedsak arbeidssøkere til fiskeriene og fiskeindustrien, men også til gruveindustrien. Noen steder på norsk side blei kvenene assimilert i den samiske befolkninga, som f.eks. i Karasjok, Kautokeino og Tana, mens de ytterst på kysten etter hvert gikk opp i den norske befolkninga.

### Språkforhold

Allerede fra utflyttingsområda var folk vant med flerspråklighet, det vil si finsk og samisk, og i noen grad svensk språk. I Norge blei kvensk et minoritetsspråk, sett fra et nasjonalt synspunkt, men i mange bygdesamfunn var

ikke kvensk og samisk i en minoritetssituasjon. Kvenske dialekter har tradisjonelt vært inndelt i to hovedgrupper, de vestlige og de østlige, med grense i Porsanger. Karakteristisk for de vestlige dialektene er at de er mer differensierte enn de østlige. Kvensk fikk status som eget språk i 2005. Det var en viktig forutsetning for det nyopprettet studiet i kvensk språk og kultur på Universitetet i Tromsø og for ulike språkkurs som Kvensk institutt i Børselv, Porsanger, arrangerer. Kvensk normeres nå som skriftspråk.

### **Utbredelsen av kvenske stedsnavn**

Eksempel på kommuner med mange kvenske navn i dag er Lyngen, Storfjord, Nordreisa, Kåfjord og Kvænangen i Troms og Alta, Porsanger, Tana, Vadsø, Vardø og Sør-Varanger i Finnmark. Men også i andre kommuner har vi kvenske stedsnavn, som i Nesseby, nabokommunen til Vadsø. De kvenske stedsnavna brukes, naturlig nok, når man snakker kvensk eller finsk, og er ofte ikke kjent utover språkbrukerkretsen. Det er likevel noen navn som er mer allment kjente, også i våre naboland, som f.eks. *Kirkoniemi* (Kirkenes), *Pykeä* (Bugøynes), *Vesisaari* (Vadsø), *Pyssyjoki* (Børselv) og *Tromssa* (Tromsø).

### **Skriving av kvenske stedsnavn**

Hovedregelen for skriving av kvensk er i all hovedsak sammenfallende med finske ortografiske prinsipp, og det er bra, for slik har vi et meget moderne og logisk skriftsystem på plass. Normering av stedsnavn er likevel ikke den samme som i Finland der skrivemåten følger reglene i standardspråket. Skrivemåten av stedsnavn i Norge skal ta utgangspunkt i «den nedervde lokale uttalen» (§ 4 i lov om stadnamn).

Håndbok 050 (Skiltnormalen) er klar når det gjelder stedsnavn som kulturminner: «Stedsnavnene er en viktig del av landets kulturarv. Skiltmyndighetene har et særlig ansvar for å forvalte denne kulturarven ved bruken av

stedsnavn på offentlige trafikkskilt. Vegvisningsskiltene er særlig iøynefallende og viktige formidlere av stedsnavn» (s. 38). Regler for fastsetting av og skrivemåte av stedsnavn er gitt i lov om stadnamn med tilhørende forskrift om skrivemåten av stadnamn. Disse regler gjelder for stedsnavn som benyttes på vegvisningsskilt, og skal benyttes ved behandling av denne type saker. Språkrådets stedsnavntjeneste kan kontaktes for råd om navnevalg og skrivemåte.

### **Håndbok 050 sier hva bestemmelsene i Stadsnamnlova innebærer:**

*Bruer, tunneler, rasteplatser og store vegkryss kan skiltes flerspråklig*  
 Hvis Vegvesenet vil navnsette slike elementer, skal prosedyre i henhold til stedsnavnloven med tilhørende forskrift følges. Nye stedsnavn skal meldes inn til stedsnavnregisteret, og navn som ikke er registrert der, skal vanligvis ikke benyttes på vegvisningsskilt. For riksveger er Kartverket vedtaksmyndighet fra 1. august 2006, og for fylkesveger er det fylkeskommunen som er vedtaksmyndighet.

### *Skrivemåte av stedsnavn på vegvisningsskilt*

Ved all utskifting av gamle vegvisningsskilt og oppsetting av nye skilt skal det kontrolleres om skrivemåten av visningsmålene er i samsvar med reglene i stedsnavnloven. Den viktigste kilden er Sentralt stedsnavnregister ved Kartverket. Alternativt avklares riktig skrivemåte med kommune og/eller Kartverket, eventuelt også med bistand fra stadnamnkonsulentene.

### *Bruk av enspråklige stedsnavn*

Når et sted har bare samisk navn, kvensk navn eller norsk navn, skal dette navnet brukes uten oversetting eller tilpassinger. Det er ikke tillatt å fornorske samiske eller kvenske navn. Der det ikke eksisterer norsk navn på stedet, skal det samiske eller kvenske navnet brukes (se fig. 2).



Fig. 2. Gárggoluoppal er et typisk sted fra Indre Finnmark med bare samisk stedsnavn.

### *Bruk av flerspråklige stedsnavn – flerspråklige skilt*

Dersom et sted har samisk og/eller kvensk navn i tillegg til et norskspråklig navn, og navneformene er i bruk blant folk som bor fast på eller har næringsmessig tilknytning til stedet, skal begge eller alle navnene brukes. At noen «bor fast» på stedet, innebærer at de må ha regelmessig tilknytning til stedet over lengre tid. Dette gjelder også «næringsmessig tilknytning» til stedet, f.eks. for flyttsamer og fiskere.

Det bør ikke benyttes mer enn to språk på orienteringstavler, vegvisere og avstandsskilt. På stedsnavnskilt kan det benyttes tre språk. Når det er nødvendig å velge mellom norsk, samisk og kvensk navn, skal det legges vekt på hvilket navn som har lengst tradisjon og er best kjent på stedet. Det norske navnet behøver ikke være med dersom det er en fornorskhet form av det samiske eller kvenske navnet, skiller seg lite fra det og ikke er i vanlig bruk i den norske formen, f.eks. norsk *Skaidi* av samisk *Skáidi*. Innarbeidede norske navn, som f.eks. *Kautokeino* og *Karasjok*, kan ikke velges bort.

I områder med flerspråklig skilting og hvor det er fastsatt både fjern- og regionalmål, bør vanligvis bare ett av disse målene benyttes. På skilt der det blir brukt mer enn ett navn, skal vedtaksmyndigheten fastsette rekkefølgen av navnene. Ved fastsetting av rekkefølgen skal en ta hensyn til språkbruken på stedet. I forvaltningsområdet for samisk språk skal rekkefølgen være samisk – norsk – kvensk (jf. fig. 3).



Fig. 3. I Tysfjord, som tilhører det samiske forvaltningsområdet, er rekkefølgen samisk – norsk.

### *Visning til mål i andre land*

For vegvisning til mål i andre land skal vedkommende lands skrivemåte benyttes for de aktuelle stedsnavn, hvis ikke annet er fastsatt i visningslista. Visningsmål i andre land skal godkjennes av Vegdirektoratet.

### *Tekniske og økonomiske utfordringer*

Med hensyn til lesbarhet for trafikantene er det tekniske krav til farge, bokstavstørrelser, skiltfolie, samt mastestyrken og fundamenteringen. Dette

bidrar til økte skiltkostnader ved bruk av flerspråklig skilting, spesielt på grunn av at skiltene vokser betraktelig med bruk av flere språk (se fig. 4). Vedlikeholdskostnadene øker også fordi slike store skilt er mer utsatt for vær og vind og skader av snøbrøyting.



Fig. 4. Flerspråklig skilting medfører store skilttavler som her fra Kautokeino.

### **Samarbeidet med Språkrådets stedsnavntjeneste og Kartverket**

Statens vegvesen har i slike skilsaker brukt lovverket fullt ut. Det gjelder lov om stadnamn og forskrift om skrivemåten av stadnamn. Vi starter med gjeldende stedsnavnregister hos Kartverket, samtidig som vi søker rådgiving hos de oppnevnte stedsnavnkonsulentene i fylket. Dette samarbeidet har fungert utmerket.

Når det gjelder kommunene, har det gått noe tregere, da det er disse som etter lovverket skal fatte de endelige vedtak for nye stedsnavn som ikke allerede ligger inne i Kartverkets register (SSR). Statens vegvesen må bare avvente slike vedtak da lovverket klart og tydelig sier at «Alle skriftformer som er endelig fastsette, skal meldast til stadnamnregisteret av det organet som har gjort vedtaket.»

### **Lokal motstand**

Navnet *Bodø* er skiltet på både samisk og norsk, men det samiske skiltet får sjeldent stå i fred (se fig. 6). Siden det samiske skiltet ble satt opp ved innkjøringen til Bodø for ca. to år siden, har Statens Vegvesen hatt et svare strev med å holde det ved like. Bare få dager etter at det ble avduket, ble det sprayet med svart maling, og siden har det også vært stjålet.



Fig. 6. Skilt med norsk og samisk navn for Bodø som har vært utsatt for hærverk.

Det er ikke første gang oppføringen av samiske stedsnavnskilt skaper kontroverser i Nord-Norge. Da Kåfjord kommune satte opp et samisk skilt i begynnelsen av 1990-årene, gikk det ikke lang tid før det ble skutt ned. Fremskrittspartiets Per-Willy Amundsen, som i debatter har markert seg som en sterk motstander av samiske skilt i Tromsø, sier at det er naturlig at temaet vekker følelser. «Selv om man er uenig i at man skal benytte samiske skilt, er det ikke invitasjon til å bedrive hærverk på offentlig eiendom. Men det illustrerer det sterke engasjementet fordi det handler om identitet. Man føler at man blir fremmed i egen by når man skal påtvinges et språk en håndfull personer kan gjøre seg forstått på. Det skaper følelser og engasjement», sier Frps Per-Willy Amundsen.

### **Utfordringen fremover**

Jeg trur majoriteten i Nord-Norge har samiske røtter, spesielt fra det sjøsamiske eller det kvenske. Og da handler det om at landsdelen må bli tryggere på identiteten sin. Det trur jeg kan skje gjennom materialisering av samisk/kvensk kultur gjennom symboler som flerspråklig skilting. Den eldre generasjonen med samiske røtter som har vært gjennom fornorskningss prosessen, ønsker ikke å bli minnet om tidligere forneding og skammen ved å være samisk når nye samiske skilter dukker opp. Derfor er det viktig at vi som skal iverksette stedsnavnloven, gjør dette som gode ambassadører.

Kurt Magne Stormo  
Senioringeniør, Statens vegvesen Finnmark  
[kurt.stormo@vegvesen.no](mailto:kurt.stormo@vegvesen.no)

## PARALLELLE NAVN PÅ FLERE SPRÅK BRUKT SOM OFFSIELLE VEGNAVN – HVORFOR/HVORFOR IKKE?

Dette var den formelle tittelen på ett av de tema som ble behandlet på det årlige samrådingsmøtet mellom Stedsnavntjenesten og Kartverket som fant sted i Tromsø 29.–31. oktober i fjor. Noen ville kanskje litt enklere stilt spørsmålet: Hvorfor kan det ikke benyttes *både* norske, samiske og sågar kvenske navn på veger i de deler av landet hvor det ellers er aktuelt? Utgangspunktet er nemlig at Kartverket gjennom sin adresseveileder har lagt til grunn at adressenavn (som er det formelle begrepet) bare skal tildeles i ett språk: norsk, samisk *eller* kvensk. Dette er begrunnet ut fra matrikkelforskriftens § 51 med krav om «navn som er entydig innenfor kommunen». Kravet om entydighet er så i adresseveilederen knyttet opp mot en sikkerhetsmessig vurdering spesielt i nødsituasjoner hvor entydige adresser vil være av vesentlig betydning.

Noen vil her hevde at dette bryter med det grunnleggende i stedsnavnloven hvor det i § 9 heter at «Samiske og kvenske stadnamn [...] skal til vanleg brukast av det offentlege [...] saman med eventuelt norsk namn.» Dette er ytterligere utdypet i forskriftens § 7: «Dersom eit namneobjekt har samisk og/eller kvensk namn i tillegg til eit norskspråkleg namn, og namneformene er i bruk blant folk som bur fast på eller har næringsmessig tilknyting til staden, skal begge eller alle namna brukast.»

Til dette kan det sies at, ja, regelverket i stedsnavnloven gjelder der hvor det virkelig fins stedsnavn i flere språk knyttet til forskjellige objekter og det har vært en viss felles bruk. Spørsmålet er likevel om det ved tildeling av navn på *nye* objekter er et klart krav om at navn da *skal* tildeles i både norsk, samisk og/eller kvensk? Det som eventuelt kan komplisere bildet, er at slike nytildelede adressenavn ofte vil kunne være like eller ha et forledd som er likt et eksisterende stedsnavn som fins i både norsk, samisk og/eller kvensk, rett nok knyttet til et eller flere andre navneobjekt. Dessuten kan det reises spørsmål om hvilke deler av landet et slikt krav eventuelt skal gjelde for. Antakelig må det gjelde for kommuner i forvaltningsområdet for samisk språk. Men ut over dette?

Ytterligere kan det hevdes at det selvsagt bør kunne tildeles nye adressenavn på samisk eller kvensk i områder av kommuner hvor samisk eller kvensk virkelig benyttes. Dette vil kunne sikre nettopp en bruk på disse språk, noe som ikke vil være like selvsagt om adressenavn i tillegg finnes på norsk.

At en eventuell innføring av flerspråklige adressenavn vil kreve en del tekniske omlegginger i matrikkelregisteret, er klart. De tekniske sidene bør la seg løse. Og for Sentralt stedsnavnregister (SSR) er det ikke noe problem å håndtere dette. Atskillig større utfordring vil det utvilsomt bli å tilpasse alle andre offentlige og private adresse-, medlems- og abonnementsregister

for en slik flerspråklig situasjon. Til slutt må det dog tilføyes at i Finland håndteres både svensk- og finskspråklige adressenavn uten større problemer.

På bakgrunn av en henvendelse fra Tana kommune i mars 2011 har for så vidt Miljøverndepartementet allerede avvist å endre den praksis og tolking som Kartverket har lagt til grunn i adresseveilederen om kun enspråklige adressenavn. I forbindelse med en mer omfattende høring knyttet til adresseregelverket er det imidlertid forlydender om at også spørsmålet om flerspråklige adressenavn vil bli tatt med.

Finn E. Isaksen  
Navneansvarlig for region sør i Kartverket  
[finn.isaksen@statkart.no](mailto:finn.isaksen@statkart.no)

## FLEIRE SKRIVEMÅTAR AV SAME STADNAMN

**Eit uoppnådd mål: éin fastsett skrivemåte av det einskilde stadnamnet**

Stadnamnutvalet la i si tilråding frå 1983 (NOU 1983:6, *Stadnamn*) til grunn at kvart stadnamn i landet skulle ha éin fastsett skrivemåte, bygd på nedervd uttale og skriven i samsvar med gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk. Utan at det var uttrykt direkte, låg det i korta at ein stor del, kanskje størstedelen av stadnamna, var innarbeidde i ei form som ikkje trong endrast som fylgje av den nye lova. M711-serien, seinare Norge 1:50.000 / N50, som ein no kan sjå på gjennom tenesta Norgeskart, rekna ein med inneheldt dei skrivemåtane som det i dei fleste hove var aktuelt å bruka sidan dei stort sett var kontrollerte av namnekonsulentane. Men det var òg klart for Stadnamnutvalet at det ville stå att mange namn som måtte handsamast etter reglane i den nye lova, og at det ville ta tid å gjera dei naudsynte vedtaka. Fram til normeringsapparatet hadde kapasitet til å gjera denne jobben, måtte ein god del namn halda på status «godkjend skrivemåte».

Det Stadnamnutvalet ikkje hadde klart for seg, i alle fall slik eg som medlem i utvalet opplevde det, var at så lenge det ikkje var gjort namnevædtak etter lova, skulle den store mengda av alternative skrivemåtar på Økonomisk kartverk og Sjøkartverket og andre ikkje kontrollerte namnformer likestilla med N50-formene og ha status «godkjend». Det innebar i prinsippet at det måtte gjerast namnevædtak på alle stadnamn der meir enn éin skrivemåte var i offentleg bruk. Der berre ei (og «rett») skriftform var i bruk, måtte det òg gjerast vedtak for å ta vare på henne for framtida.

Stadnamnutvalet problematiserte heller ikkje korleis ein reint praktisk skulle løysa overgangen frå ukorrekte former til «lovlydige» former, altså den ressurskrevjande oppgåva det ville vera å få skikk på heile namne-

verket. No må det, kvar gong eit kommunalt eller privat vedtaksorgan vil nytta ein godkjend skrivemåte som ikkje er i samsvar med den beste forma, reisast namnesak. Og kvar sak krev ein god del arbeid.

### **Tilrådd skrivemåte**

Det var Kartverket som måtte finna praktiske og pragmatiske løysingar på dei premissane lova sette for namnestatusen, og for dei namneansvarlege i etaten var det tvillaust vanskeleg å sjå bort frå namneformene på ØK. At det kom så relativt dårleg ut, hekk saman med at namna på ØK berre i liten grad var kontrollerte av konsulentane. Rett nok har det vist seg at ØK i ikkje så få høve har betre former enn N50, men det lèt eg liggja her. Venteleg fann Kartverket, ut frå premissane i den nye lova, at det var vanskeleg å skilja mellom dei ulike kartseriane. Ulempa med jamstelling av ulike skrivemåtar av same namn er monaleg redusert ved at Kartverket har ført opp dei formene som er mest i tråd med regelverket på namneiningsplassen og gjeve dei merkelappen «tilrådd» skrivemåte. Dersom eit anna vedtaksorgan, oftast ein kommune eller ein grunneigar, ynskjer ein alternativ (men mindre heldig) skrivemåte som finst på til dømes ØK, kan Kartverket eller stadnamntenesta be om at det vert reist namnesak. Ein stor del av dei skrivemåtane det er usemje om, gjeld bruksnamn, men dei ligg og vaker i påvente av ei lovendring. Den overordna storleiken, gardsnamnet, bør det derimot vera greitt å handtera i namnesak, sjølv om det i praksis viser seg å vera ein vanskeleg grensegang mellom gardsnamn og bruksnamn. Også historisk har denne grensegangen vore problematisk.

### **Bakgrunnen for lov om stadnamn**

Fram gjennom åra hadde gardsnamna som andre stadnamn fått ei stendig betre skriftform, basert på nedervd uttale og rettskrivingsprinsipp. Det problematiske var at gardsnamna i praksis vart sedde på som identiske med bruksnamna. Dermed hadde det oppstått eit juridisk problem i og med at det var ei utbreidd oppfatning at eigaren skulle ha ein viss rett til å fastsetja namn og skrivemåte av ein grunneigedom. På slutten av 1950-åra kom det fleire rettssaker der staten fekk medhald, men ein høgsterettsdom i 1961 konkluderte med at staten ikkje hadde heimel til å fastsetja skrivemåten av bruksnamna mot viljen til eigaren. Høgsteretsjustitiarius Terje Wold sa i si vurdering at det ikkje var urimeleg at staten fastsette skrivemåten av stadnamn i offentlege samanhengar, men at det mangla heimel for det (sitert etter NOU 1983:6, s. 42):

Det er helt på det rene at det offentlige har full rett til å bestemme reglene for stedsnavn (stadnamn) – ikke bare skrivemåten, men også navnet selv. Men stedsnavnreglene passer ikke for bruksnavnene, hvor departementets myndighet er begrenset til bare å bestemme skrivemåten.

Her er Wold ikkje heilt presis, for det var stort sett skrivemåten striden dreia seg om, ikkje så mykje val av namn. Stadnamnutvalet formulerte det slik i tilrådinga *Stadnamn* (NOU 1983:6) under merknadene til lovutkastet (s. 37):

Bruksnamn av nedervde stadnamn står på line med andre stadnamn som kulturminne. Dersom eigaren vel eit nedervd stadnamn som bruksnamn, eller det er nytta eit slikt namn på eigedomen frå før, skal namnet skrivast i samsvar med reglane for offentleg skrivemåte.

Med lov om stadnamn av 18. mai 1990 kom denne heimelen, om enn på visse vilkår. Tjue år etter at heimelen vart gjeven, røysta eit samla storting for å ta han attende. Det er grunnen til at me no ventar på ein ny lovparagraf for bruksnamn.

### **Politisk press for varierande skrivemåtar**

Rettssakene galda altså bruksnamn, men det vart ikkje prinsipielt debattert om ein kunne halda gardsnamna som overordna storleikar utanfor namnet på einskildbruket og dermed grunneigarretten. Det er nettopp det Kulturdepartementet har gjort i sitt framlegg til ny paragraf. Det opnar då for både dobbelt- og trippelformer, og endå fleire slik det har gått fram av mange høyringsfråsegner. Kva utfall denne lovsaka vil få, er usikkert. Høyringsfråsegnene fordeler seg om lag like mykje på tilslutning til lovframlegget som avvising av det.

Det Stadnamnutvalet heller ikkje såg nokon grunn til å ta inn over seg, ut frå den normeringsoptimismen som rådde enno mot slutten av 1900-talet, var den rolla «crowd-sourcing» (innsamling gjennom uorganisert dugnad) og identitet skulle få etter kvart som presse og sosiale medium køyrd fram ei aukande misnøye med dei normerte skrivemåtane. Det har vist seg at samfunnet ofte baserer seg på andre skrivemåtar enn dei på N50, skrivemåtar som i mange høve har fått innpass på ØK og særleg på privat og til dels offentleg skilting, medrekna i trafikksektoren. Det synest å ha oppstått eit vakuum i formidlinga og forståinga av korrekte namneformer slik dei er fastsette av Kartverket. I Språkrådet/stadnamntenesta og Kartverket har det vore semje om einskapsprinsippet bygd på nedervd uttale og rettskrivingsprinsipp, og at det er ein slik skrivemåte som best representerer stadnamna som kulturminne.

### **Unntaksvis dobbeltformer?**

Spørsmålet om dobbeltformer eller fleire skrivemåtar er relevant, også no før ei eventuell lovendring, i og med at det i mange høve finst meir enn éi godkjend form.

I nokre høve finst det dobbeltformer som har bakgrunn i dei to norske måla: *Noreg/Norge*, *Austlandet/Ostlandet*, *Aust-Finnmark/Ost-Finnmark*. *Glåma/Glomma* har òg delvis bakgrunn i målskiljet, men Kartverket praktiserer her ei språkleg/geografisk fordeling, med *Glåma* i Sør-Trøndelag og det meste av Hedmark, *Glomma* nedanfor. *Majorstua/Majorstuen* er òg eit døme på mykje brukte dobbeltformer. Så lenge det ikkje er gjort vedtak, er båe godkjende og offisielle. For dei som føretrekkjer *Majorstua*, er det ein føremon å liggja lågt med namnesak, for med Oslo som vedtaksorgan ville vedtaket truleg gje *Majorstuen*. Norgeskart har båe formene i fleire funksjonar, som bydel, stasjon, skule, men *a*-formene synest no lite brukte i kommunen. Eit namnevedtak her ville truleg gje *Majorstuen* sidan det er eit kommunalt vedtaksobjekt. Søkjer ein i Norgeskart på *Kverner* i Oslo, får ein opp *Kverner* og *Kvernerparken*, sjølv om bydelsutvalet i Gamle Oslo har gjort vedtak (2. oktober 2007) om *Kværnerparken* med æ. Trafikkselskapet Ruter brukar berre *Kværner*. Derimot har Norgeskart den vedtekne gatenamnforma *Kværnerveien*. Det kan nemnast at *Kværnerveien* finst i t.d. Ski, medan *Kvernerveien* finst i t.d. Frogn og Ullensaker. Etter vanleg rettskriving og historisk opphav skulle dette namneleddet skrivast med *e*. Andre døme på tonamnpraksis er *Tveten* og *Tveita* i Oslo, der den fyrstnemnde forma er brukt som gards- og gatenamn, medan den sistnemnde forma er bydelsnamn. I Rogaland har me *Eigersund* om kommunen og *Egersund* om byen.

### **Ei framtid full av skrivemåtevariantar?**

Eit anna aktuelt døme er *Folum* motsett *Follum*. Båe står oppførde som «Bruk (gardsbruk)» når ein søker på Norgeskart. Det fyrste er den uttalebaserte skrivemåten, medan den andre er ei skriftform som dukkar opp tidleg på 1600-talet. *Norsk stadnamnleksikon* har oppslagsforma *Follum*, men legg til «rettare Folum». *Follum* er så innarbeidd for denne fabrikkstaden at uttalen med lang *l* (eller kort vokal) dominerer også lokalt. I SSR står *Follum* på namneiningsplassen for ulike funksjonar, medan *Folum* berre er oppført som skrivemåtenamn. Her synest den nedervde forma haapt. Ein kunne mogeleg vurdera å knyta den nedervde forma *Folum* til gardsområdet og halda på *Follum* for tettstadnamnet, men det er lite sannsynleg at det ville få gjennomslag.

Mange nye adressenamn med endinga *-gate*, *-veg*, *-bakke* og liknande har eit gardsnamn som fyrsteledd der kommunen ynskjer ein skrivemåte basert på bruksnamnet, særleg når det er brukt som etternamn. I arbeidet med adressetildeling har stadnamntenestene rådd til å nytta skrivemåten på namneiningsplassen og elles at reglane for skrivemåte i lov og forskrift vert fylgte. Eit problem er at det er gjort ei stor mengd namnevedtak i kommunane utan at namna har vore lagde fram for stadnamntenesta til tilråding (og ofte heller ikkje lagde inn i SSR). Kjell Erik Steinbru ved

stadnamntenesta i Bergen har på oppdrag frå Språkrådet lagt fram eit notat med grunnlag i den vestlandske stadnamnregionen der han viser at ei rekke kommunar ikkje har konsultert stadnamntenesta eller meldt inn namnevedtak. Det er mogeleg denne situasjonen er i ferd med å betra seg. Men det er framleis grunn til å reisa spørsmål som:

- 1) Bør det takast eit initiativ overfor kommunar som ikkje melder inn vedtekne skrivemåtar?
- 2) Bør Kartverket reagera på kommunale namnevedtak der skrivemåten vik av frå SSR, og der stadnamntenesta ikkje har vore konsultert? Eller skal ein slik «ulovleg» skrivemåte i SSR uansett gjevast status som vedteken på line med andre namnevedtak?
- 3) Same kva utfallet av den føreslegne lovendringa vert, må ein rekna med at det vert meir aktuelt å operera med meir enn éin skrivemåte av same namn, særleg når namnet har ulik funksjon. I ein del høve vil det truleg verta press på skrivemåten på namneiningsplassen. For Kartverket vil det vera ei utfordring å administrera dei skiftande private formene.
- 4) Kva former som vinn fram i samfunnet, er til dels avhengig av kva skrivemåtar som vert fremja av næringsliv, kommunikasjonar, internett osb., altså verknaden av «crowd-sourcing».
- 5) Om lovendringa vert vedteken slik KUD føreslår, korleis vil typen *Vik – Wik – Wig* handterast?

### **Avrunding**

Eit einskapleg namneverk, altså ein sams skrivemåte så langt som råd av same namne- og ordform, rådde lenge som ei leiesnor for stadnamnnormering og var også fremja av Stadnamnutvalet. Etter kvart har departementet slege av på dette kravet, og med den auka privatiseringa av stadnamna og særleg av bruksnamna ein har sett i dei seinaste tiåra, vil ein i framtida truleg måtta sjå ulike skrivemåtar av same namnet. I mange høve vil truleg den nedervde uttalen tapa terreng som premissleverandør. Konsekvensane for Kartverket og anna offentleg verksemd kan ein i så fall berre ana.

Botolv Helleland  
Namnekonsulent for Austlandet og Agder  
[botolv.helleland@iln.uio.no](mailto:botolv.helleland@iln.uio.no)

## NORMERING OG BRUK AV NAMN

### **SEMINAR OM OFFENTLEG BRUK AV SAMISKE STADNAMN I SØR-TROMS OG NORDRE NORDLAND**

Lov om stadnamn har vore verksam i snart 22 år, men det har gått trått med å få samiske stadnamn inn i offentleg bruk. For å komme vidare skipa Várdobáiki sámi guovddaš / samisk senter til eit seminar for kommunale saksbehandlarar i regionen Sør-Troms og nordre Nordland. Seminaret gjekk føre seg på Evenáššemárkku gilihuonas/Evenesmarka grendehus 7. mars i år. Tilskipinga var eit ledd i markeringa av Språkåret 2013.

Ordførar i Evenes kommune, Jardar Jensen (H), opna seminaret og peikte i korte trekk på utfordringar med samiske stadnamn frå ståstadene til ein politikar. Han meinte at den største utfordringa var å ha gode nok kunnskapar om dette saksområdet. Arbeidet er vanskeleg, for det er så mange kjensler knytte til stadnamn. Alle meiner at dei har rett, og same kva kommunen gjer, er det nokre som blir misnøgde. Jensen streka under at vi må halde oss til fakta og lovverk. Når det i løpet av seminaret blei drøfta at det er eit problem at lov om stadnamn og matrikkellova har ulike prinsipp for bruken av fleirspråklege stadnamn, kommenterte han at kommunen ikkje kan oppfylle éi lov og samstundes bryte den andre. Matrikkellova inneheld ei bestemming om at adressenamn berre kan vere på eitt språk, og så langt har alle kommunar i regionen som har vedteke offentlege adressenamn, berre vedteke einspråklege norske namn som adressenamn.

Frå Sametinget møtte seniorrådgjevar/professor Nils Øivind Helander. Han hadde problem med å finne fram til seminarstaden og kom for seint på grunn av at stadnamna i vegbeskrivinga som han hadde fått munnleg på samisk, ikkje var å finne på vegskilt. Hendinga var ein god illustrasjon på korleis det samiske språket er usynleg i eit landskap der det burde vere ein sjølvsagd del av det språklege repertoaret. Helander peikte på mange problem med å gjere det språklege synleg – korleis kan samiske stadnamn bli ein del av det lingvistiske landskapet? Eit godt samarbeid med kommunane er viktig, men det er også viktig å ha gode og lett tilgjengelege arkiv for å kunne ta stadnamn inn i offentleg bruk. Sidan det har vist seg særskilt problematisk å få samiske stadnamn inn i offentleg bruk, blir det diskutert om det skal opprettast eit tilsyns- og klageorgan for samisk språk. Hittil er det fylkesmannen som har hatt funksjonen som klageorgan. Helander heldt fram at den offentlege bruken av stadnamn i dag framleis er sterkt prega av «kartnamnpolitikken» utforma på 1800-talet då fornorskning av samar og kvenar var eit uttala mål. I brev frå NGO til Forsvarsdepartementet i 1886 blei samiske stadnamn omtalte som «det fremmede» trass i at det var namn innafor samane sitt eige område som blei omtala. Arven frå fornorskings-tida gjer seg gjeldande i synet på at det samiske ikkje passar inn i det

offentlege som namn på busetnader, både større og mindre, både på landsbygda og i byane, t.d. har bygda Skardalen i Kåfjord kommune ikkje eit topråkleg namneskilt, men tunnelnamnet *Skardalstunnelen/Skárvákkitunnealla* er tospråkleg. Helander streka under at vi må få ei betre forståing av kva vi eigentleg vil – er det lov om stadnamn som skal gjelde, eller tidlegare praksis i bruken av stadnamn? I tilfelle der samiske stadnamn har nådd fram til skilt, har det ofte blitt feilskrivingar på grunn av at kvalitetsikringssystema ikkje er gode nok. Vi har fått varierande skrivemåtar som *Aisaroaivi*, *Áisaroáivi* og *Áisaroaivi*, men berre den sistnemnde er i samsvar med gjeldande rettskriving. Slurving i bruken av samiske skriftteikn ville vere på linje med at vi skreiv «Vadso» for *Vadsø*, «Bokfjord» for *Bøkfjorden* og «Blaneset» for *Blåneset* – om norske namn blei feilskrivne slik, ville neppe nokon synast at det var greitt. Helander avslutta med eit ønske og ei oppmoding om at i Språkåret 2013 må vi ta tak for å få synleggjort samiske stadnamn.

Namneansvarleg for Nord-Noreg i Kartverket, Aud-Kirsti Pedersen, heldt eit innlegg som informerte om bakgrunnen til lov om stadnamn og punkt i lova som gjeld minoritetsspråklege stadnamn. Då lova blei sett i verk frå 1. juli 1991, blei verkeområdet for normering og bruk av stadnamn i det offentlege Noreg utvida til alle offentlege område i samfunnet mot tidlegare berre offentleg normering av stadnamn på hovudkartserien til Statens kartverk. Det var også nytt at samiske og kvenske stadnamn blei jamstilte med norske stadnamn. Pedersen peikte på at dei vanskane som har vist seg med å implementere lova, heng saman med innarbeidde eller inngrødde haldningar blant folk om korleis namn i offentleg bruk skal skrivast, og ikkje minst kva for namn som høver inn i ein offentleg kontekst. Bruken av minoritetsspråklege stadnamn i det offentlege er sterkt prega av den lange perioden med fornorskingspolitikk. Vi har fått ei utbreidd haldning både blant majoriteten og minoritetane om at samiske og kvenske stadnamn ikkje høyrer med i den skriftspråklege offentlege konteksten. Etter revisjonen av lov om stadnamn i 2005 kom det inn formuleringar i lova som gjev ein reiskap for å komme vidare i saksbehandlinga trass i at eit organ ikkje følgjer opp sin del av saksbehandlinga. § 10 Klage, første ledd, sjette og sjunde setning seier at «Feilbruk eller manglante bruk av stadnamn etter § 9 [Bruk av stadnamn] kan påklagast til overordna departement. Klage over manglante vedtak kan påklagast til klagenemnda.» Pedersen peikte også på at situasjonen i dag likevel er annleis enn då lov om stadnamn kom for vel 22 år sidan. Trass i at bruken av minoritetsspråklege stadnamn i offentlege kontekstar framleis er omstridd, er stoda endra i positiv retning.

Namnekonsulent for norskspråklege namn i Nord-Noreg (bokmål), Eva Forsaa Mikkelsen, gjorde greie for arbeidet i Stadnamntenesta for norske stadnamn i Nord-Noreg og prinsipp for normering av norske namn.

Mikkelsen peikte m.a. på normeringsproblem der ein har fått innarbeidde skriftformer som går på tvers av den nedarva lokale uttalen. Eitt døme på dette er hennes eige slektsnamn *Forsaa*, som tek utgangspunkt i eit opphavleg elvenamn med uttalen /"foşa/. Denne uttalen er vanleg der dette namnet finst ulike stader i Nord-Noreg, men overalt er namna hittil skrivne *Forså*.

Namnekonsulent for norskspråklege namn i Nord-Noreg (nynorsk), Magne Heide, tok opp spørsmålet om unike adressenamn vs. fleirspråklege adressenamn. I forskrifta til matrikkellova § 51 heiter det at adresser skal vere eintydige innafor kvar kommune. Prinsippet om unike namn har blitt sett opp mot prinsippet om fleirspråklege namn, og Kartverket og Miljøverndepartementet har vurdert det slik at det er viktigare å ha eintydige og unike namn enn fleirspråklege namn ut frå ein tanke om at det er lettare å finne fram til rett stad om namnet er eintydig. Magne Heide argumenterte for det motsette med den same grunngjevinga. Det er større sjanse for at ein vil finne fram til rett stad om staden har eit fleirspråkleg namn. I fleirspråklege samfunn må ein stette orienteringsbehovet for meir enn éi språkgruppe. Det som er kjend informasjon for éi gruppe, er kanskje ukjent for den andre gruppa. Når staden er merkt fleirspråkleg, er sjansane større for at ein vil finne fram til rett stad enn om ein berre har namnet frå eitt språk å rette seg etter. Heide viste til at fleirspråkleg skilting fungerer greitt i andre fleirspråklege samfunn, t.d. finn ein tospråkleg skilting i delar av Frankrike og Spania.

Leiar av forlaget Skániid girjie, Asbjørg Skåden, fortalte om arbeidet som har gått føre seg gjennom mange år med å registrere og formidle samiske stadnamn i Sør-Troms og nordre Nordland. Arbeidet starta alt i 1980 og pågår framleis. Mange menneske har vore og er med på dette arbeidet, som har vore retta mot kommunane Deilda/Tjeldsund, Evenášši/Evenes og Skánik/Skånland. I Skånland kommune har saka vekt sterke kjensler og stor usemje, både blant innbuarane og blant dei kommunetilsette. I dei to andre kommunane har det rådd «fred», dvs. at ingenting har skjedd. Skåden viste fyndig til bibelstaden Matteus 10,34 som seier «Tru ikkje at eg er komen for å skapa fred på jorda. Eg er ikkje komen med fred, men med sverd.» Sidan Skånland kommune har tatt spørsmålet om bruk av samiske stadnamn inn over seg, har kommunen litt urettvist blitt hengd ut for handlingane sine. Av dei mange hendingane i den kommunale saksbehandlinga kan det nemnast at Skånland kommune har hatt ei folkerøysting om lov om stadnamn skal gjelde i kommunen. Innsamlingsarbeidet har gått sin gang samstundes som det har vore arbeidd politisk for å få stadnamna inn i offentleg bruk. Skåden streka under at det var eit mål med arbeidet at alle skulle få tilbake sine namn, at folk skulle få ei eigarkjensle til dei samiske stadnamna. Som informantar under innsamlinga har det også vore nytta folk som i utgangspunktet har vore imot offentleg bruk

av samiske stadnamn. Arbeidet med stadnamna har bygd opp stor kompetanse om korleis ein best kan få tak i eit godt materiale. Éi røynsle har vore at det er nyttig å bruke utflytta folk som informantar, for dei har ofte ei klårare oppfatning av den samiske stadnamntradisjonen, og dei har i mindre grad lært dei norske namna, som etter kvart har blitt vanlege. Mens arbeidet har gått føre seg, har normeringsproblematikk blitt drøfta, det har vore skipa til utstillingar der stadnamna har blitt viste fram på kart. Også ungdom har vore aktive og har vore med på å presentere materialet i ulike samanhengar. Stadnamna har blitt formidla gjennom t.d. boka *Samiske stedsnavn i Evenes / Evenáši sámi báikenamak* av Martin Myrnes og Aslaug Olsen (2010), og Asbjørg Skåden har ferdigstilt eit stort stadnamnmateriale i eit bokmanuskript, som no er klargjort for trykking. Skåden dokumenterer ikkje berre stadnamn – ordtilfanget i språket er også blitt synleggjort i fleire publikasjonar, og i 2001 fekk ho Sametingets språkmotiveringspris for emneordlista *Márkku sánit*, sjå også [www.skaniidgirjie.no](http://www.skaniidgirjie.no).

Várdobaiki sámi guovddáš / samisk senter har eit stadnamnutval som er fagorgan for stadnamnarbeidet til senteret. Leiaren Gudmund Johnsen presenterte arbeidet til utvalet. Utvalet har faste møte éin gong i månaden og førebur saker som blir sende til kommunane i regionen. I den seinare tida er det sendt ut forslag om samiske stadnamn i kommunar i Lofoten og Vesterålen. Det er berre stadnamn med tradisjon som blir foreslådde, ingen namn blir konstruerte. Ei viktig kjelde er stadnamnsamlingane til Just Qvigstad. Innimellom blir det skipa til seminar, og på eit seminar i Ballangen kom det inn meir enn to hundre stadnamn. Slike materiale arbeider utvalet med for å få inn i offentleg bruk. Johnsen peikte på at det er svært vanskeleg å bli høyrd eller teken på alvor. Sakene som utvalet sender frå seg, blir ofte berre tagde i hel, og sakene blir ikkje behandla i kommunane, sjå også nettsida til Várdobaiki: [www.vardobaiki.no/web/index.php?giella1=nor](http://www.vardobaiki.no/web/index.php?giella1=nor).

Ei viktig kulturpolitisk mørnstring er festivalen Márkomeannu ‘markelevan, markespakkel’ som sidan 1999 har arbeidd for å fremje markesamisk kultur og å fungere identitetsskapande for folk i alle aldrar, men særleg for ungdom. Festivalen blei presentert av Ellen Berit Dalbakk, som jobbar som produsent. Samisk er hovudspråket til festivalen, og språkarbeidet er viktig – nettsidene er tospråklege: [www.markomeannu.no/index.html](http://www.markomeannu.no/index.html).

Frå Statens vegvesen Finnmark kom Kurt Magne Stormo og informerte om arbeidet som ligg bak før skilt kan setjast opp. Skilt finst som orienteringstavler, vegvisingsskilt og avstandsskilt. På dei sistnemnde skilta er fleirspråkleg skilting mangefull, men målet er å få til også slik skilting. Det er mange utfordringar i arbeidet med skilting. Mangfaldet i bruk av språk er éi utfordring, og om det blir feilskriving på eit skilt, må det bytast ut. Rekkjefølgja av namna på skilta er også viktig å avklåre. Det er dyrt å produsere skilt, og dess fleire namn som skal gjerast synlege, dess meir kostar det. Praktiske problem med mange namn kan løysast med at ein set

opp fleire skilt med kort avstand slik at ikkje alle namn blir pressa inn på det same skiltet eller den same tavla. Stormo peikte på tregleiken i mange kommunar som eit problem. I Sør-Varanger kommune hadde han gjeve opp å vente på at politikarane skulle somle og krangle seg ferdig om skilting, så han sette opp fleirspråklege skilt på eige initiativ, t.d. blei *Høybuktmoen / Nuvvosguolbba / Nuuskolpano* skilta på denne måten. Etter at skilta kom opp, har dei fått stå. Stormo viste klipp frå filmopptak med forskjellige personar om fleirspråkleg skilting. Her var kommentarar som at fleirspråkleg skilting ufarleggjer det som tidlegare var betent og farleg, og dermed er fleirspråkleg skilting med på å skape tryggleik. «Det blir sånn helhet!» var ein annan kommentar, og på spørsmål om kva skiltsaka betyr for deg, svarte ei dame kort og konsist: «Alt!»

Saksbehandlar Olaf Schaug-Pettersen frå Narvik kommune er ein røynd og ryddig saksbehandlar av kommunale namnesaker. Han gjekk gjennom regelverket i lov om stadnamn ut frå det som er relevant frå kommunen si side. Narvik kommune har vedteke tospråklege namn på ein del bygder i kommunen, men i tillegg har kommunen fastsett tospråklege adressenamn i bygda Áravuopmi/Vassdalen. Då dei tospråklege skilta var på plass, gjorde Kartverket kommunen merksam på at det ikkje var høve til å nytte tospråklege adressenamn. Kommunen har likevel ikkje teke ned desse skilta, og nokon lokal geriljakrig mot dei tospråklege vegskilta har det ikkje vore. Ut frå røynslene med namnearbeidet i Narvik kommune meinte Schaug-Pettersen at formuleringa i lova § 9 om *namnebruken blant folk på staden* er for snevert formulert. Ordet «område» hadde høvd betre enn «stad», for eit *område* har nok ei større rekkevidd enn ordet *stad*. I Narvik kommune bur det frå gammalt av samisktalande folk, men i sjølve byen er det ikkje like lett å vise til ein folkesetnad som bruker eit samisk bynamn. I diskusjonen om samisk namn på Narvik by – som kommunen har valt å ikkje vedta eit samisk namn for – har det komme fram ikkje mindre enn tre forskjellige samiske namn, og på seminaret kom det fram opplysningar om kva for eit namn som var vanlegast.

Tiltaket til Várdobaiki sámi guovddáš / samisk senter med eit seminar om stadnamn var nyttig, og deltakarane fekk kunnskapar og inspirasjon til å arbeide vidare med dette viktige feltet. Det var også inspirerande å sjå eit anna prov på at samisk kultur er levande i området. Vesle Inna Marja Amundsen på åtte år opna seminaret med to songar, og hennar framföring lovar godt for framtida på mange måtar.

Aud-Kirsti Pedersen  
Namneansvarleg for Nord-Noreg i Kartverket  
aud.kirsti.pedersen@kartverket.no

## FN-NYTT

***HELLAS PÅ NORSK, GREKLAND PÅ SVENSK***  
**Konferanse om eksonym i Hellas 23.–25. mai 2013**

FN har i fleire resolusjonar rådd til at medlemslanda lengst råd skal nytta den skrivemåten av geografiske namn som landet sjølv nytta, det som vert kalla endonym, i staden for å bruka eksonym, altså namn som er omsette eller tilpassa språket til brukaren, til dømes engelsk. Samstundes veit ein at dei fleste språka har mange innarbeidde eksonym som det ikkje er aktuelt å endra. Til å ta seg av slike oppgåver har UNGEGN (FNs ekspertgruppe for stadnamn) sett opp ei arbeidsgruppe for eksonym. Leiaren for denne gruppa er no austrikkaren Peter Jordan.

I dagane 23.–25. mai 2013 organiserte denne FN-gruppa ein konferanse på Korfu i Hellas med 35 deltagarar. Temaet var definisjon og bruk av eksonym i høve til endonym. Til saman vart det halde 23 foredrag, av dei tre frå dei nordiske landa. Staffan Nyström frå Sverige drøfte termen *eksonym* frå ein lingvistisk synsstad, medan Sirkka Paikkala presenterte den nye lista over finske eksonym og gjorde greie for korleis termane endonym og eksonym er nytta der. Botolv Helleland gjorde greie for kvifor Noreg nytta *Hellas* medan danskane held på *Grækenland* og svenskane *Grekland*.




Fig. 1. Helsing frå deltakarane på konferansen send til leiaren i Språkrådet. Legg merke til at namneforma på frimerket er den same som på norsk. Poststempelet viser fyrste delen av *Kérkyra* som er det greske namnet på Korfu. I lista til Språkrådet over geografiske namn finn ein *Kérkyra* som jamstelt med *Korfu*.

Siste økta på konferansen var sett av til ei drøfting av definisjonar, og då under leiing av Staffan Nyström, som er leiar av FNs terminologigruppe og samstundes med i terminologigruppa til den internasjonale namnegranskorganisasjonen ICOS. Målet om å koma fram til sams definisjon vart ikkje nådd, men det var semje om å halda fram med diskusjonen på eit tilsvarande møte i Kärnten i Austerrike neste år.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## ANNA MELDINGSSTOFF



**EYVIND FJELD HALVORSEN**  
**1922–2013**

Eyvind Fjeld Halvorsen døydde 19. mars 2013, nær 91 år gammal. Med han er ein framståande og markant filolog borte. Han vart fødd 4. mai 1922 i Norderhov på Ringerike. Sjølv om han budde lengste delen av livet i Bærum, heldt han oppe eit nært tilhøve til heimstaden, noko den faglege produksjonen hans speglar av. Han tok embeteksamen ved Universitetet i Oslo i 1947 med nordisk språk som hovudfag og med fransk og historie som bifag. Han vart tilsett som dosent ved Universitetet i Oslo i 1954, frå 1962 professor. I 1959 tok han doktorgraden med avhandlinga *The Norse Version of the Chanson de Roland*. Han var dekan ved Det historisk-filosofiske fakultetet 1964–69.

Når me minnest Fjeld Halvorsen i *Nytt om namn*, så er det fyrst og fremst for den innsatsen han har bak seg som namnegranskar og namnekonsulent. Den store artikkelen «Personnavnene på Ringerike fra mellomalderen til 1666» (i *Maal og Minne* 1955) har vore grunnleggjande for personnamngranskinga frå denne perioden. Ein annan viktig artikkel er «Innlån av fremmede personnavn i Norge i tidlig gammelnorsk tid», i festskriften til Ludvig Holm-Olsen (1984). Gjennom åra skreiv han ei rad artiklar om personnamn, mellom anna i bygdebøker. Når det gjeld stadnamn, så var det meir administrativt enn som stadnamngranskar Fjeld Halvorsen var aktiv. Frå 1965 til 1978 var han leiar i Rådet for Norsk stadnamnarkiv, og han spela ei viktig rolle då Stadnamnarkivet vart omgjort til eit eige institutt ved Universitetet i Oslo i 1978. I 1965 vart han namnekonsulent for bokmålssida, eit ombod han hadde fram til lov om stadnamn tok til å gjelda 1. juli 1991. Frå 1984 og resten av perioden hans hadde eg som namnekonsulent for nynorsksida gleda av å samarbeida med han. Det var svært sjeldan me var usamde om tilrådingane.

Då dei fire universiteta midt på 1970-talet tok til å samarbeida om namnegravle saker, var Fjeld Halvorsen sentral og vart den fyrste leiaren i det nye organet som vart heitande Samarbeidsnemnda for namnegravling. Fjeld Halvorsen var òg med i Stadnamnutvalet som kom med framlegg til lov om stadnamn i 1983. Her skreiv han eit viktig historisk kapittel om skrivemåten av stadnamn.

Eyvind Fjeld Halvorsen kunne vera skarp i kanten, til dømes i synet på målførebruk, men han var aldri i tvil når det galdt å tilrå ein skrivemåte som var tufta på den nedervde målføreuttales og tilmåta nynorsk rettskriving, slik hovudregelen lydde før lova vart vedteken. Han var òg godt lika som lærar, og mange tenkjer med takksemd attende på den levande undervisningsforma av til dømes *Stangleikar*. Fleire studentar med stadnamn har hatt han som rettleiar. I soga til namnegravlinga vil han alltid ha eit namn.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## PER MOLLATT 1930–2013

Per Mollatt, en av de store ildsjelene i navneinnsamling på Sørlandet, døde brått 25. april, 82 år gammel. Det meste av sitt liv bodde han i Lillesand, der han i mange år var lektor. Han underviste særlig i norsk og tysk.

Hovedfagsoppgaven *Noen stedsnavn i Vestre Moland og Birkenes* leverte han i 1957. Han fortalte meg en gang at han til veileder fikk Per Hovda, som gav gode oppmuntringer på veien. Men som sensor fikk han Olav Beito, og denne virket ikke helt fornøyd. Mollatt hadde skrevet oppgaven på bokmål. Beito hadde gitt inntrykk av at målformen burde ha vært nynorsk.

Omkring 1980 gikk han i gang med djupinnsamling i Lillesand kommune og fikk 4800 navn ordnet etter Stadnamnarkivets skjemaer og opplegg. Deretter gav han ut noen mindre navnebøker. Men Per Mollatt gikk videre, og i 1992 kom hovedverket hans *Navn i Lillesand*, ei illustrert navnebok i stort format på 128 sider som dekker hele Lillesand kommune. Tilfanget er på over 6000 stedsnavn, der det til hvert navn følger nøyaktig kartfesting og uttaleopplysninger i form av lydskrift. Navneboka kom i nytt opplag i 2005.

Per Mollatt var sterkt lokalhistorisk interessert. Viktige her er de to bøkene *Stikselva* (1999) og *Kaldvell* (2002), som også er innholdsrike når det gjelder lokale navn. Ellers var Per Mollatt glad i musikk, særlig opera, og han besøkte kjente operahus i en rekke land. Han spilte selv piano og keyboard. Som språkmenneske var Per Mollatt en begavelse av de helt sjeldne. Han talte – i varierende grad – rundt tjue språk, blant andre tysk, engelsk, fransk, spansk, portugisisk, russisk, tyrkisk, japansk, thai og khmer. Han likte svært godt å reise, og for ham var språkopplevelsen i samvær med andre mennesker en viktig del av reiseopplevelsen. Gresk snakket han flytende. Klassiske greske verk leste han på originalspråket, norrøne verk likeså.

Per Mollatt var en som så verdien i mange slags kulturminner, en drivende kraft i kulturlivet i Lillesand, uhyre kunnskapsrik, og opptatt med språkstudier og lokalhistorie helt til det siste. Vi som lærte Per å kjenne, minnes ham som et beskjedent og vennlig menneske som det var en stor glede å samarbeide med.

Vidar Haslum  
vidar.haslum@uis.no

## OMTYKT NAMNEGRANSKAR RUNDAR 70

Den 9. juni 2013 runda Margit Harsson 70 år. Ein dugande og samvitsfull namnegranskars og omtykt kollega kunne dermed gå over frå fast løn til pensjon. Vonleg treng ikkje det tyda at jubilanten trekkjer seg frå all namnefagleg verksemd. Tvert om, ho står midt inne i redigeringa av sitt sjette band i serien *Bustadnavn i Østfold* (Rødenes) av Kåre Hoel og er innstilt på å fullføra det. Og i tida som kjem, vil ho vonleg levera andre faglege arbeid til ulike utgjevingar, ikkje minst *Nytt om namn*. I tillegg til dei

snart seks banda av *Bustadnavn i Østfold* tel den namnevitskaplege produksjonen hennar mellom anna den nærmere tusen siders store boka *Norske ruddnamn* og elles ei lang rekke artiklar både av metodisk og teoretisk slag og studiar i einskildnamn. Den omfangsrike litteraturlista hennar tel rundt 110 større og mindre vitskaplege arbeid.

Margit vart tilsett ved Universitetet i Oslo i 1989 og har i desse snart 25 åra vore ein verdfull og ansvarsmedviten medarbeidar. Ho har lagt ned eit stort arbeid i oppbygginga av samlingane, både i papirform og seinare i elektronisk format. Ikkje minst er den nyoppbygde særtrykksamlinga hennar verk.

Margit har ei venesæl og positiv haldning til alle rundt seg. Det har gjeve henne mange vene. Men ho kan òg vera fagleg kritisk, når dét trengst. Som lærar og rettleiar har ho vore godt lika, ikkje berre ved Universitetet, men rundt om i lokalsamfunna der ho har halde mange føredrag om stadnamn og stadnamninnssamling.

Utover arbeidet ved instituttet har ho engasjert seg i heimekommunen Hole og skrive mykje om namn og lokalhistoriske emne derfrå, til dels i bokform, som *Skolehistorie for Hole til 1940* (1987) og *Stein – en storgård på Ringerike* (2000). Dei seinaste åra har ho særleg arbeidd med Jørgen Moe. At ho i 2002 fekk Hole kommunes kulturpris, var både rett og rimeleg.

Ved 70-årsdagen fekk ho eit velfortent veneskrift, med den talande titelen *Målblomar til Margit*, redigert av Tom Schmidt. Her er det med seksten nyskrivne artiklar av kollegaer og andre. Skriftet vil verta omtala i neste nummer av *Nytt om namn*.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## NAMNEGRANSKING PÅ FLYTTEFOT

Namnegransking, som er det noverande namnet på det som tidlegare heitte Norsk stadnamnarkiv / Institutt for namnegransking / Avdeling for namnegransking / Seksjon for namnegransking (ja, kjært barn har mange namn), er atter på flyttefot. Etter å ha vore ni år i det tidlegare Veglaboratoriet i Gaustadalleen 25, er arkivet og dei tilsette frå 1. juni 2013 flytte til Sintef-bygningen i Forskningsveien 1, litt nærmere Gaustad stasjon. Postadressa er den same som før, Postboks 1011 Blindern, 0315 Oslo. Også telefonnummer og e-postadresser er uendra.

Det er nesten uråd å halda oversyn over kor mange gonger denne institusjonen har flytt. Han vart grunnlagd som Norsk stadnamnarkiv i 1921 og

fikk først rom i Historisk museum, så i Regjeringsbygningen. Etter at styrraren, Gustav Indrebø, fikk professorat ved Bergens museum, vart verksmeda lagd til Allégaten i Bergen. I 1939 vart Stadnamarkivet ein statleg institusjon, og etter krigen kom det attende til Oslo og fikk plass saman med Ordboksverka i Universitetsbiblioteket. Då det nye HF-komplekset vart reist på Blindern i 1961, fikk det plass i 3. høgda i Wergelands hus. Akkurat ti år varde dette tilværet, for frå 1971 venta ei 21 år lang utlægd i Chateau Neuf på Majorstua. I den perioden vart Stadnamarkivet overført til Universitetet som eige institutt under Det historisk-filosofiske fakultetet (1978). I 1992 vart instituttet atten invitert opp på Blindern, og no i 1. høgda i P.A. Munchs hus. Etter nye tolv år meinte fakultetet det av plassomsyn var best å flytta samlingane ut av «campus», for Universitetet hadde no fått leiga lokale i Veglaboratoriet i Gaustadalleen.

Jamvel om kvar ei flytting tek på, har tilhøva vore rimeleg gode. Det ser dei ut til å verta i Sintef-bygget òg. Det store problemet Namnegransking står andsynes no, er om det i det heile teke vert folk som kan drifta samlingane og halda oppe namnegranskinga. Ein tilsett gjekk av for aldersgrensa for tre år sidan, ein annan i år, og dei to som er att, er 63 og 65 år gamle. Så langt er det ikkje gjeve signal om nytilsetjingar. Dermed kan målet for neste flytting verta til eit kjellarrom.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## KARTVERKET HAR FRIGITT STEDSNAVNDATA

20. mars 2013 frigav Kartverket alle stedsnavna i den nasjonale stedsnavndatabasen for gratis nedlasting. Dermed ble om lag 950 000 navn med rundt 1 112 000 skrivemåter gjort gratis tilgjengelige.

Stedsnavndatabasen, Sentralt stedsnavnregister (SSR), har lenge vært tilgjengelig for gratis innsyn for publikum. Men kartprodusenter og andre som har ønsket å laste ned dataene for å bruke dem i egne kartprodukter på land og sjø, har måttet betale for tjenesten. Det slipper de å gjøre nå. Les mer her: [www.kartverket.no/Kart/Kartdata/Stedsnavndata/](http://www.kartverket.no/Kart/Kartdata/Stedsnavndata/).

**Følgende produkt er gjort tilgjengelige:**

### **1 Fri nedlasting av stedsnavn-datasett**

Stedsnavndataene er frigitt for nedlasting som fylkesvise filer i formatene SOSI og GeoJSON. Filene inneholder stedsnavn til bruk for nettjenester,

tabeller, lister eller til videre bearbeiding for bruk i forskjellige kartprodukter på land og sjø.

## **2 Søketjenester**

Alle som har et nettsted, kan også fritt legge inn en stedsnavn-søketjeneste (webservice) fra Kartverket på nettsidene sine. Tjenesten leverer alle faglige egenskaper som ligger i Sentralt stedsnavnregister, blant annet variasjoner i skrivemåte, språk, geografisk posisjon, objekttype og lovmessig status for stedsnavnet/skrivemåten (offisiell/uoffisiell). De egner seg til bruk for nettjenester, for navnesaksbehandling etter lov om stadnamn og løsninger for navnforskning, som stedsnavnsøk i kartløsninger på nett m.m.

## **3 Nettløsning for innsyn**

Se stedsnavn er en innsynsløsning som viser alle stedsnavn i Sentralt stedsnavnregister (SSR). Navna kan søkes opp etter blant annet

- språk (norsk, nordsamisk, lulesamisk, sørsamisk, kvensk)
- navnetype (hva navnet er navn på – fjell, øy, gard, bru, by, tettsted, adresse osv.)
- skrivemåtestatus (offisiell / ikke offisiell skrivemåte, dvs. den lovmeslige statusen for navnet/skrivemåten, se nedenfor)
- innlagte navnevedtak siste toårsperiode

For alle navn er det laget faktaark med detaljert informasjon.

## **Offisielle/ikke-offisielle navn og skrivemåter**

Alle navn i Sentralt stedsnavnregister har en kode (skrivemåtestatus) som viser den lovmessige statusen for skrivemåten. Skrivemåter med status V (vedtatt) og S (samlevedtak) skal brukes i offisiell sammenheng, mens skrivemåter med status A (avslått), F (foreslått), H (historisk) og U (uvurdert) ikke skal brukes. For skrivemåter med status G (godkjent) og K (vedtak påklaget) kommer den anbefalte skrivemåten fram i det indekserte søker og står øverst på faktaarket.

Les mer om stedsnavn på vår temaside [www.kartverket.no/Kart/Stedsnavn](http://www.kartverket.no/Kart/Stedsnavn).

Anne Svanevik  
anne.svanevik@kartverket.no

## ARTIKLAR OG INNLEGG OM NAMN

### TI FAVORITTNAMN I ØSTFOLD

Mine ti favorittnamn i Østfold er alle omtala i eit bokverk som er under utgjeving, nemleg *Bustadnavn i Østfold* av Kåre Hoel (1922–1989). Hoel døydde før manuskriptet hans var trykkjeklart, og det er Tom Schmidt og underskrivne som til no har gitt ut elleve av dei rundt tjue banda som vil inkludere heile Østfold fylke.

Åtte av dei ti favorittnamna mine er nytolka i høve til *Norske Gaardnavne. Smaalenenes amt*, som kom ut i 1897, skrive av Oluf Rygh (1833–1899). Rygh er grunnleggjaren av og einaren i norsk namnegransking, derfor er det ekstra moro å kunne gå vidare der han måtte stoppe opp, eller der han måtte ty til naudløysingar som til dømes å rekonstruere eit elles ukjent elvenamn, noko han gjorde ikkje så reint sjeldan.

#### Gardsnamna *Stikla* og *Stikle* i Aremark og Trøgstad

Gardsnamna *Stikla* i Trøgstad og *Stikle* i Aremark forklarer Oluf Rygh av eit elles ukjent elvenamn \**Stikla*. Kåre Hoel hadde betre kart enn Rygh og såg at gardane Stikla og Stikle begge låg ved små tjern med «særprega form», med spisse vikar som stråla ut i ulike retningar. Sjøstjerna er i ulike dialektar kalla *sjøstikla* og *tverrstikla*, sikkert på grunn av forma. Men kva med det kjente namnet *Stiklestad* som Rygh forklarte av same elvenamn? Eldre kart syner at garden Stiklestad ligg ved ei stikleforma myr, ei såkalla attgroingsmyr som i gamal tid var eit lite tjern. Ved å samanlikna forma på dei tre små tjerna ved gardane Stiklestad, Stikla og Stikle er det påfallande kor like dei er med si «særprega form». Eg meiner derfor at garden Stiklestad har fått namn etter tjernet som no er attgroingsmyr.

Me kan gå ut frå at noko elvenamn \**Stikla* ikkje har eksistert korkje i Østfold eller i Trøndelag.

#### Bygdenamnet *Idd* i Halden

Kunnskap om landheving etter siste istid løyser fleire namnegåter i Østfold. I Ryghs tid var landheving næraukjent, og han konkluderer om namnet *Idd*: «betydningen ukjendt». For tre tusen år sidan låg området rundt Iddefjorden om lag 14 meter lågare enn i dag fordi isen hadde pressa landet ned, og Iddefjorden gjorde ein sving inn i landet. Etter som landet steig, voks landet fram der gardane no ligg, og garden inst i elvesvingen fekk namnet *Idd* laga av eit ord i slekt med norrønt *iða* f ‘bakevje’.

#### Gardsnamnet *Snekketorp* i Idd

Garden Snekketorp i Idd ligg i dag godt inne på land, og Rygh hadde problem med å forstå korleis ein gard som ikkje ligg nær vatn kunne innehalde

båtnemnet *snekkja* ‘langskip’. I dag veit me at det har vore landheving i området, så når namnet *Snekketorp* vart til for godt over tusen år sidan, låg garden ved vatn. Dermed har garden vore ein høveleg stad for kanskje vinterlagring av langskip eller bygging av slike.

### Plassnamnet *Fuhøl* i Spydeberg

Namnet må vera laga av orda *fu* ‘bakende’ og *hol* ‘grop, fordypning’, dvs. holet i fua, eit svært upassande namn. Namnet *Fuhøl* får vera representant for alle dei nedsetjande namna som «overklassen» brukte om bustadene til «underklassen», som oftast husmannsplassar. Når bygdefolket fyrst hadde begynt å kalle ein plass til dømes *Gråten*, *Nøda* eller *Pissrud* (alle i Askim), var dei som budde på plassane «dømde til» å bruke namna.

Marta budde på plassen Fuhøl då ho i 1762 fekk ein liten gut utan å vera gift. Berre to månader gammal døydde Marta Fuhøls «horesønn», som det står i kyrkjeboka, og gravferdsdagen 23. mai måtte Marta også offentleg skrifte for «begangne Lejermaal». Stakkars Marta, tenkjer me i dag, som i tillegg måtte fortelja presten at ho budde i Fuhøl, eit namn som presten førde inn i kyrkjeboka med ei blanding av greske og gotiske bokstavar, φvhvλ, slik at namnet skulle bli uleseleg for dei fleste.

### Innsjønamnet *Erte* i Idd

Svana er ein vakker fugl som lett blir lagd merke til. I norrøn tid hadde dei fleire ord på denne fuglen, mellom anna *svanr* og *elptr*. Og det er nettopp ordet *elptr* som er opphavet til innsjønamnet *Erte* i Idd, dvs. at svaner har opphalde seg og kanskje hatt reir ved innsjøen.

I Rakkestad er *Erte* også namn på ein gammal gard, og korleis kan same namn bli brukt om både ein innsjø og ein gard? Hoel meiner at garden har fått namn etter eit lite tjern nær garden. Tjernet blir no kalla *Ertevannet*, men det eldste namnet har truleg vore *Elptir* eller *Elpti*, eit namn som så har gått over på garden og etter kvart blitt nedslite til *Erte*. For å unngå forveksling, om dei meinte garden eller tjernet når dei prata om Erte, måtte namnet på tjernet få eit tillegg, og slik vart det *Ertevannet*.

### Bygdenamnet *Rødenes* i Marker

Oluf Rygh har berre ei negativ forklaring på dette namnet, at det ikkje kan vera laga av *rauðr* ‘raud’ eller *rauði* ‘myrmalm’. Likevel står det i *Norsk stadnamnleksikon* (1997, s. 374) at førsteleddet må ha samanheng med fargeadjektivet *raud*. Eg meiner forklaringa er ei anna og nokså grei. Den gamle garden Rødenes ligg ved Rødenessjøen, og ser me på kartet, ligg garden Degnes mest rett over på den andre sida av fjorden. Namnet *Degnes* er laga av adj. *digr* ‘diger, stor’, og namnet fortel om «et kort, men meget bredt Nes», skriv Rygh. Då neset Rødenes endar i eit langt og smalt nes, ligg tolkinga nær. Forleddet må vera eit norrønt ord *róða* f som me finn i

det samansette ordet *hjalmróða* «staur til ein kornstakk», og namnet fortel såleis om eit smalt og langt nes sett i høve til det breie neset Degnes på motsett side av Rødenessjøen.

### **Gardsnamnet *Gjerdenga* i Aremark**

Oluf Rygh måtte melde pass når det gjeld forleddet i gardsnamnet *Gjerdenga* i Aremark: Forleddet kan vera så mange ulike ord at «det er unyttigt at forsøge en Gjetning», er hans konklusjon (NG I 181). Andre namnegranskurar har også hatt problem og foreslår ulike løysingar som *gjerde* eller *jorde*, *hjalm* bruk om ein høystakk og mannsnamn som *Geirr* og *Geirulv*.

Eg meiner gardsnamnet *Jersenga* i Idd har same forledd, og at desse namna har eit heilt spesielt mannsnamn som forledd, nemleg *Gerik* eller *Gerike* skrive på ulike måtar som til dømes «*Jerck*» og «*Gjerrik*». Tingbøker og skattelister frå 1600- og 1700-talet syner at namnet har vore i bruk i Østfold, og særleg i Idd.

Mannsnamnet *Gerik* har kome til oss frå Sverige og Danmark, for der er det godt kjent heilt frå mellomalderen. Elles er *Gerik* opphavleg ei form av det tyske mannsnamnet *Gerhard*.

### **Gardsnamnet *Skøyen* i Spydeberg**

Gardsnamnet *Skøyen* er kjent om lag tretti stader i landet vårt, og då i ulike former som *Skui*, *Skøe*, *Skodven* osb. Rygh skriv at forleddet «endnu ikke er sikkert forklaret», og slik har det vore heilt opp mot vår tid. Mange har prøvd å tolke namnet, og ulike meir eller mindre fantasifulle forklaringar er foreslått. Men i 2006 kom artikkelen som eg meiner har løyst denne namnegåta. I tidsskriftet for nordisk namnforskning *Namn och bygd* (2006, s. 15–23) står artikkelen «*Skåne*» av Harald Bjorvand. Der blir stadnamna *Skåne*, *Skandinavia* og *Skøyen* sette i samanheng, og Bjorvand viser til ordet *skade* med ei opphavleg tyding ‘kamp; krigar, motstandar’. Bjorvand tenker seg at dei rundt tretti norske *Skøyen*-gardane har hatt ein særleg funksjon, og at væpna menn har drive med stridsleikar og våpenøvingar på dei flate jorda på garden. I Østfold er sju gardar kalla *Løken* (i Askim, Eidsberg, Rygge, Råde, Spydeberg, Trøgstad og Våler), og det namnet fortel også om leik og kappestrid. Felles for *Skøyen*- og *Løken*-gardar er at dei hadde flate jorde som høvde til slike sosiale aktivitetar.

### **Gardsnamnet *Skinnarbu* i Øymark**

Fleire gamle gardsnamn fortel om spesielle yrke, og me kan vera temmeleg sikre på at på garden Skinnarbu i Øymark har det budd ein *skinnari*, dvs. ein skinnmakar som preparerte skinn og sydde klær av skinn. Det same må me tru det har gjort på garden *Skinnerød* i Hobøl og *Skinnerhuset* i Skiptvet.

På 1600-talet vart yrkesnemnet *skinnar* erstatta av *buntmakar*, og derfor finn me ikkje yngre namn med det gamle yrkesnemnet *skinnar*.

## Gardsnamnet *Suteren* i Tune

Å laga skor var eit viktig yrke i eldre tid, det vitnar mange stadnamn om. I norrøn tid kalla dei ein skomakar for anten *sútari* eller *skógerðarmaðr*. På garden Suteren i Tune har det sikkert budd ein skomakar, og like eins har det sikkert budd skomakarar på plassane Suteren i Borge og Rakkestad og på Suterød i Skjeberg.

Margit Harsson  
 margit.harsson@iln.uio.no

## BOKOMTALAR

### NAMN OG NORRØNT

Ole-Jørgen Johannessen: *Norrøne og navnefaglige studier. Festskrift til 70-årsdagen*. Red. Odd Einar Haugen, Johan Myking, Helge Sandøy og Kjell Erik Steinbru. Oslo 2012. 267 sider.

Eit tydeleg vitnemål om generasjonsskiftet innanfor filologien generelt og onomastikken spesielt med påfølgjande krise i rekrutteringa, i alle fall innanfor namnegranskinga, er alle festskrifta som vert utgjevne for tida. Sist ute er festskriftet til Ole-Jørgen Johannessen, velkjend namnegranskare og norrønfilolog frå Universitetet i Bergen, dessutan bypatriot og politikar med ei imponerande rekke av verv bak seg.

Festskrift er gjerne av to slag, anten ei samling av nyskrivne fagartiklar eller ei samling av artiklar jubilanten sjølv har skrive gjennom åra. Dette festskriftet er av det siste slaget, med ti artiklar som spenner over heile interessefeltet til jubilanten, frå norrøne kjeldeskritfer til namn, gardsnamn, personnamn og skipsnamn. Dei aller fleste artiklane er av nyare dato, frå tida etter tusenårsskiftet, som kan tyda på at jubilanten vende tilbake til forsking etter mange års engasjement i riks- og kommunalpolitikken. For faget namnegransking var det vendepunktet ein klar føremon.

Det er framleis ikkje slik at det meste av fagartiklar er tilgjengelege på internettet, endå om det går i den retninga, derfor er artikkelsamlingar av dette slaget både praktiske og nyttige for forskaren. Om skipsnamn vil eg tru det er skrive så pass lite i Noreg at dei tre fagartiklane i denne samlinga dekkjer mykje av fagområdet dei siste ti åra, her er dei i alle fall samla i éi bok.

Sidan spesialområdet skipsnamn nok er eit av dei minst kjende innanfor onomastikken, kan det vera på sin plass å nemna temaa for dei tre artiklane. Den fyrste artikkelen (frå 2005), som er skriven på engelsk, handlar om typologien i skipsnamn, typar namn og korleis dei er oppbygde.

Tittelen på den andre artikkelen (2008), «*Skipsnavn i oljevirksomheten*», skulle vera sjølvforklarande. Her tek forfattaren for seg namn me har lagt merke til i massemedium, som *Bourbon Dolphin*. Eit typisk trekk ved mange av skipsnamna frå oljeindustrien er at det eine leddet kan vera konstant, i dette tilfellet *Bourbon*, medan det andre varierer, t.d. *B. Borgstein* og *B. Hidra*. Liknande variasjon kan me finna i skipsnamna til reiarlaget *Edda Supply Ships* med *Edda* som konstant og variasjon i ledd 2.

Den tredje artikkelen (2009) handlar om skipsnamn som er henta frå den antikke mytologien, som *Fortuna* og *Amor*. Same klassiske svipen er det over namnet *Ora & Labora* (Be & Arbeid), ei nedsliten jekt som frakta sand på Ryfylkefjordane i åra etter krigen. Det er ikkje lange vegen frå *Ora & Labora* til *Fortuna*!

Eit anna tema som er verdt å nemna spesielt, er drøftinga av dei såkalla metronymika, av typen *Ivar Elison*, der morsnamnet (*Eli*) er brukt i staden for det tradisjonelle farsnamnet, typen *Olav Haraldsson*. Forfattaren drøftar ulike teoriar om bruken av denne namnetypen og listar opp heile sju moglege forklaringar, frå høgare status i mors familie til at faren er død før barnet er født.

I dei andre artiklane skriv forfattaren om kjeldene til *Jóns saga baptista II*, om gardsnamna *Mongstad* og *Jonstad* med yngre mannsnamn som førelledd, patronymika i runeinnskrifter, kristne personnamn i norsk mellomalder, *torp* i gardsnamn vest for Oslofjorden og Ryghs bruk av etterreformatoriske kjelder i *Norske Gaardnavne*.

Artikkelsamlinga vert avslutta med ein bibliografi over dei trykte arbeida til jubilanten.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## ***NAMENKUNDLICHE INFORMATIONEN NR. 99/100 UTGJEVE***

*Namenkundliche Informationen*. 99/100 (2011). Red. Karlheinz Hengst og Dietlind Kremer. Leipziger Universitätsverlag. 543 sider.

I førre nummer av *Nytt om namn* vart årgang 100 av *Namn och bygd* omtala. No kan me meldha om det tyske namnfaglege tidsskriftet *Namenkundliche Informationen* (NI), som òg har passert ein viktig milestolpe, nemleg ved utgjevinga av dobbelnummeret 99/100. Det ber årstalet 2011, men vart utsendt i 2012. Denne dobbeltårgangen er redigert av Karlheinz Hengst og Dietlind Kremer, båe knytte til det aktive namnegranskarmiljøet i Leipzig. Den vanlege utgjevingstakta av tidsskriftet er to nummer i året. Utgjevinga

har kome litt på etterskot, og redaktørane vonar at dei med dette dobbelt-nummeret snart skal vera attende i den normale rytmen. I føreordet vert det elles gjort kjent at grunnleggjaren og den mangeårige redaktøren av NI, Ernst Eichler, døydde våren 2012. Dei vil koma attende med ein meir utførleg nekrolog i neste nummer.

Årgang 2011 er med sine 543 sider eit jubileum verdig. Tidsskriftet vart grunnlagt i DDR-tida, og fyrste nummer kom i 1964. Det hadde ein enkel bunad, men heldt eit godt nivå, særleg innanfor det teoretiske, men var samstundes i ein viss grad prega av det austtyske regimet. Det er eit langt sprang fram til nummer 99/100, som inneheld vel sytti artiklar og meldingar. Dei fleste forfattarane er frå Tyskland, men ein del, særleg av melderane, kjem frå andre land. Stoffet er fordelt på tre grupper: artiklar (til saman 20), meldingar (til saman 41) og referat/helsingar/nekrologar (til saman 10). Alt er prenta på tysk, men ein del av artiklane har korte samdrag på engelsk.

Nokre av forfattarane drøfter spesifikt teoretiske og terminologiske emne. Adam Siwiec går inn på fagterminologi som reiskap til å klassifisera handelsprodukt, medan Natalija Vasil'eva tek for seg onomastisk terminologi i høve til leksikalsk presentasjon. Angelikan Bergien analyserer kulturelle aspekt i namn som er brukte metaforisk, og då med verket *The Tarantino of the Townships* som studieobjekt. Også Assem Aksholakova har ei teoretisk tilnærming i sin diskusjon av variabilitet i namnepar som *Almaty* vs. *Alma-Ata*. Horst Naumann gjev eit forskingshistorisk oversyn over namnegranskninga dei seinaste seksti åra i Leipzig med vekt på det germanske. «Bildhafte Bergnamen» ‘målannde fjellnamn’ er overskrifta til Thaddäus Steiner, medan Achin Fuchs held seg på det meir prosaiske planet med ein etterrøknad av teignamnet *Eisfeld*, der forleddet vert sett til gammalhøgtysk *āz* ‘før’. Harald Bichelmeier og Andreas Opfermann prøver ei ny tolking av elvenamnet *Unstrut* og set førestavinga til nullsteget av indogerm. \*(*h<sub>1</sub>*)en ‘i’, medan hovudleddet skulle tyda noko slikt som ‘våtlende med kjerr’, altså ‘den (elva) som renn gjennom eit slikt lende’.

Karlheinz Hengst tek for seg namn på herregardar i mellomalderen. Saman med Günter Wetzel har Hengst òg eit arbeid der dei tenkjer seg at stadene ... *Lighinici-Zrale-Crocovva* ..., oppførde i *Nienburger Bruchstück* (1180) har lege i Sachsen. Jürgen Udolph gjer greie for ei folkeetymologisk tyding av *Magdeburg*, som alt i mellomalderen har vorte sett i samband med det tyske *Magd* ‘jomfru, (teneste) jente’. Namnet er omstritt. Udolph sjølv argumenterer for at forleddet kan setjast til eit adjektiv \**magap* ‘stor’ og meiner å sjå parallellar i andre tyske namn som *Mecklenburg* og engelske namn som *Maidenford*. Omdiskutert namnemateriale er òg emnet til Walter Wenzel i ein artikkel der han spør om stadnamn som *Oppach*, *Regis* og *Stöbnitz* er av germansk, indoeuropeisk eller slavisk opphav. Konklusjonen hans er at dei alle er slaviske. Same forfattar tek for seg uttrykket

*provincia Nice* [Neiße] i Thietmar av Merseburgs krønike frå først på 1000-talet og kjem til at namnet har vist til ein slavisk busetnad. Elvenamnet er som mange av dei tyske hydronyma omstridt. Nestemann ut er Heinz-Dieter Pohl, som diskuterer i kva grad stadnamn i Kärnten og Aust-Tyrol er av slavisk eller slovensk opphav. Han meiner at kjeldene attende til 1000-talet viser slavisk før 1050, men slovensk seinare. Pohl har òg med ei tysk-slovensk liste over stadnamn i Kärnten med namnetydingar.

Radarparet Rosa og Volker Kohlheim har først og fremst hatt personnamn som tema. Rosa har ein artikkel der ho på grunnlag av gravskrifter frå Nürnberg konkluderer med at reformasjonen ikkje førde til ein sterk auke av gamaltestamentlege førenamn slik det har vore hevda. I ein annan artikkel skriv ho om toponymiske samanlikningar i reiselitteraturen, og då med bakgrunn i reiseskildringane til hertuginne Augusta av Sachsen. Litteratur er òg ramma for Volkers tilskot om litterær onomastikk og psykoanalyse, der han med grunnlag i den tyske forfattaren Paul Richters bok *Titan* viser kor nært samanbunde psykoanalysen er med stadnamn. Eit anna bidrag innanfor personnamnstudiet er ei drøfting av familienamn med tysk opphav i Rábaköz i det vestlege Ungarn.

Av dei mange meldingane i bok 2 av jubileumsårgangen til *Namenkundliche Informationen* nemner me dei få som gjeld nordiske forfattarar. Det er Vad och vade. *Svensk slätter-, rågångs- och arealterminologi* av Thorsten Andersson (sjå *Nytt om namn* 54 – 2011), *Studia anthroponymica Scandinavica* 28 (2010), redigert av Eva Brylla, og *Namn och kulturella kontakter. Handlingar från NORNA:s 37. symposium i Hapsal 22–25 maj 2008*, redigert av Leila Mattfolk. Frå bok 3 tek me med at Inge Bily har skrive minneord om den tyske namnegranskaren Wolfgang P. Schmid, som døydde 22. oktober 2010 like før han fylte 81 år. Han var knytt til Universitetet i Göttingen og arbeidde mykje med det stort planlagde verket *Hydronymia Europae*. Schmid var elev av Hans Krahe og tilhengjar av læra om den gamaleuropeiske hydronymien, eit tema som har ført til mange og kvasse diskusjonar.

Eit heilt anna tema i meldingsbolken er ein omtale av Den 24. internasjonale namnegranskarkongressen i Barcelona i september 2011, skriven av Dieter Kremer. Han viser til at desse kongressane som vert organiserte av den internasjonale namnegranskarkongressorganisasjonen ICOS i samråd med ein lokal institusjon, er avhengig av lokal støtte. Universitetet i Barcelona tok på seg arrangementet, men ikkje utan at den katalanske særhåtten vart markert på ulike vis, både ved politisk prega velkomstarrangement og ved at fleire variantar av det katalanske regionspråket var sett opp som likeverdig med dei vanlege kongress-språka engelsk, fransk og tysk. At verdspråket spansk (kastiljansk) kunne tillatast, meiner Kremer er greitt, men å opna for regionspråk var å gå for langt.

Fagmiljøet i Leipzig saman med kollegaer rundt om i Tyskland har alle ære av denne innhaldsrike publikasjonen.

Botolv Helleland  
botolv.helleland@iln.uio.no

## *NAMES*

*Names* er det enkle namnet på tidsskriftet til The American Name Society (ANS). Etter vedtekten avgrensar ikkje ANS aktiviteten berre til amerikansk namnekultur innanfor USA, men har også eit internasjonalt perspektiv, som tidsskriftet ber preg av med stor spreiing i utvalet av artiklar, frå vinmerket *Rioja* i Spania til namneskikk i enkelte afrikanske land. Mesteparten av artiklane handlar likevel om emne frå engelskspråklege land med hovudvekta på USA og dernest Storbritannia som rimeleg er.

I nr. 1/2013 finn me også ein artikkel som drøftar problema med språkleg klassifisering av nye innvandrargrupper på skjema brukt i folketeljingane, den siste i 2010, fokusert på merkelappane Arab-American, Middle-East American, Muslim-American og White. Folketeljingane har vorte kritiserte fordi dei ikkje tilpassar seg nye innvandrarkategoriar i skjemabruken.

Ein annan artikkel tek for seg namn på kattar i T. S. Eliots *Old Possum's Book of Practical Cats*, og den fjerde og siste drøftar teorien om QWERTY-effekten på valet av namn på born, altså at bokstavane på venstre sida av tastaturet skulle ha ein meir negativ verknad i namneval enn dei på høgre sida. Sært? Vel, les artikkelen og vurder framstillinga sjølv.

Eg nemner desse artiklane fordi dei illustrerer spennvidda i namnetema i ANS. I tillegg til tidsskriftet, som kjem ut fire gonger i året, gjev dei ut medlemsbladet *Bulletin*, som er tilgjengeleg på heimesida. Laget skipar til ein årleg konferanse dei første dagane i januar i tilknyting til konferansen til The Linguistic Society of America, som i år vart halden i Boston.

Sidan den geografiske variasjonen i artikkeltema er så stor, kan det gå ut over meir nasjonale, namnegrarlege emne, som t.d. drøfting av utvalet av førenamn i dei årlege *på-topp*-listene og svingingar i namnebruk generelt, emne som i alle fall nordmenn kunne ha interessa av sidan namnebølgjene ofte tek til i USA.

Eg vil tru at ANS og tidsskriftet kan ha ei viss interesse for norske namnegranskarar, nettsida er vel verd å studera ([www.wtsn.binghamton.edu/ans](http://www.wtsn.binghamton.edu/ans)), og medlemspengane er slett ikkje høge.

Olav Veka  
olav.veka@gmail.com

## **NASJONALE KONFERANSAR I NAMNEGRANSKING KONFERANSERAPPORTAR**

1. Nasjonal konferanse i namnegransking. Foredrag og diskusjon frå ein konferanse på Blindern 23. oktober 1981. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1982. (Hovudemne: Samiske namnearkiv og utgjeving av bustadnamn.) 68 sider.
2. Den 2. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1982. Foredrag og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1983. (Hovudemne: Databehandling av stadnamn og personnamn.) 93 sider.
3. Den 3. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1983. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1984. (Hovudemne: Etterreformatoriske kjelder i namnegransking.) 120 sider.
4. Den 4. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1985. Innleiingar og diskusjon. Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo 1987. (Hovudemne: Lydskrift, særleg ved stadnamnregistrering.) 194 sider.
5. Den 5. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 18. november 1988. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Skriftleg og munnleg normering av stadnamn.) 149 sider.
6. Den 6. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 23. november 1990. Innleiingar og diskusjon. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1991. (Hovudemne: Vitskaplege prosjekt i namnegransking.) 146 sider.
7. Den 7. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 19. november 1993. Stadnamn og kulturlandskapet. Avdeling for namnegransking, Universitetet i Oslo 1995.
8. Den 8. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 22. november 1996. Namnegransking som studie- og undervisningsfag. Seksjon for namnegransking. Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap. Universitetet i Oslo 1997. 169 sider.
9. Den 9. nasjonale konferansen i namnegransking, Blindern 11. – 12. mai 2000. Namn gjennom 2000 år – namn i år 2000. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo 2000. 226 sider.
10. Den 10. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 9. mai 2003. Gustav Indrebø og norsk namnegransking. Seksjon for namnegransking, Institutt for nordistikk og litteraturvitenskap, Universitetet i Oslo. 130 sider.
11. Den 11. nasjonale konferansen i namnegransking. Blindern 10. november 2006. Personnamn og personnamnbruk i kronologisk, geografisk og sosialt perspektiv. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 44, s. 8–51, og nr. 45, s. 51–53.
12. Den 12. nasjonale konferansen i namnegransking. Språkrådet, Oslo 20. november 2009. Magnus Olsen som namnegranskar. Foredraga er trykte i *Nytt om namn* nr. 50, s. 52–92.

Rapportane frå dei åtte fyrste konferansane kostar kr 60,-, rapporten frå den niande kostar kr 100,- og rapporten frå den tiande kostar kr 70,-. Kan tingast frå Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Postboks 1102 Blindern, 0317 Oslo. Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: [kristoffer.kruken@iln.uio.no](mailto:kristoffer.kruken@iln.uio.no).

## NYTTIGE E-POSTADRESSER OG VEV-SIDER

Norsk namnelag har denne heimesida:

**www.norsknamnelag.no.** E-post: **olav.veka@gmail.com**

Vil du ha e-postkontakt med redaksjonen av *Namn og Nemne*, så er adressa denne: **ole-jorgen.johannessen@lle.uib.no**

Vil du tinga bøker og skrifter frå Namnegransking, kan du skriva, ringja, faksa eller senda e-brev til:

Institutt for lingvistiske og nordiske studium, Boks 1102 Blindern, 0317 Oslo  
Tlf. 22 85 43 75, faks 22 85 43 81, e-post: **kristoffer.kruken@iln.uio.no**

ILN – Namnegransking har denne heimesida:

**www.hf.uio.no/iln/forskning/grupper/namn/index.html**

Dokumentasjonsprosjektet (stadnamn på nett): **www.dokpro.uio.no**

Forskargruppa i namnegransking ved UiB har denne nettsida:

**www.uib.no/fg/namnegransking**

Kartverket har denne heimesida:

**www.kartverket.no**

Sentralt stadnamnregister (Norgeskart):

**www.norgeskart.no**

Internettadresse for dei viktigaste nordiske namneinstitutta og kartverka:

Danmark: **http://nfi.ku.dk**, **www.kms.dk**

Færøyane: **www.setur.fo**

Finland: **www.kotus.fi/svenska**, **www.nls.fi**

Island: **nefnir.is**, **www.lmi.is**

Sverige: **www.sofi.se/namn**, **www.lantmateriet.se**

Heimesida åt NORNA (Nordisk samarbeidskomité for namnegransking):

**www.norna.org**

Heimesida åt ICOS (International Centre of Onomastics):

**www.icosweb.net**

Heimesida åt UNGEGN (United Nations Group of Experts on Geographical Names): **unstats.un.org/unsd/geoinfo**